

Årsmelding 2005



HAVFORSKINGSINSTITUTTET
INSTITUTE OF MARINE RESEARCH

A dense field of microscopic fish eggs and embryos, likely from Atlantic cod (Gadus morhua), shown at various stages of development. The eggs are spherical and translucent, with some showing internal structures like yolk and developing embryos. The background is dark, making the light-colored eggs stand out.

Årsmelding 2005

Havforskningsinstituttet – Informasjonen

Redaktør: Kari Østervold Toft

Grafisk design og produksjon: Harald E. Tørresen

Trykk: Designtrykkeriet as

INNHALD	3	Visjon
	4	Styrets melding 2005
	10	Året i glimt
	15	Organisasjon
	17	Nøkkeltal
	18	Økonomi
	20	Tilsette
	24	Publisering
	24	Samarbeid
	26	Tokt
	27	Fagleg verksemd
	28	Rådgivingsprogramma
	34	Forskningsgrupper
	40	Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid
	43	Infrastruktur
	44	Forskingsteknisk avdeling
	49	Havforskningsinstituttets avdeling i Tromsø
	49	Reiarlag og fartøy
	50	Administrasjon
	51	Likestilling
	53	Publikasjonar 2005

Bileta i årsmelding 2005 viser tidlege livsstadier hos fisk som lever i norske og sør-afrikanske farvatn. Bileta av heimlege artar er tekne ved forskingsstasjonen Austevoll. Bileta frå Sør-Afrika er tekne av Erling Kåre Stenevik.



Visjon

Kunnskap og råd for rike og reine hav- og kystområde.

Ambisjon

Vi skal være internasjonalt leiande innan marin forsking og rådgiving.

Verdiar

Alt vårt arbeid skal byggje på integritet, skaparglede, samspel og respekt.

Styrets melding 2005

“På Havforskningsinstituttet likar me lågtrykk fordi dei aukar sjansane for at me får gode årsklassar av fisk i våre havområde.”

Dette sitatet gir eit bilete av dei samanhengane i naturen som Havforskningsinstituttet overvakar og forskar på, og som er grunnlaget for dei råda me gir til styresmaktene om korleis økosystemet bør forvalta. Havforskningsinstituttet har gjennom dei siste to åra lagt stor vekt på å styrka den heilskapelege forståinga av økosystema i våre hav- og kystområde, mellom anna ved å ha heile økosystemet i fokus når me er på tokt. Denne endringa er eit strategisk val som vart synleg gjennom instituttet sin nye organisasjonsstruktur, etablert i 2004.

Ny kunnskap

Med den breie kompetansen Havforskningsinstituttet har, vert det skaffa fram mykje kunnskap gjennom eit år. Mellom dei viktigaste sakene i 2005 kan me dra fram arbeidet med Forvaltingsplan Barentshavet, auka satsing på kunnskap om kysttorsken og samspelet mellom torskeoppdrett og ville bestandar, teljing av klappmyss i Vesterisen, betre grunnlag for arealdisponering i kystsona, overvaking av korleis norsk vårgytande sild vandrar i havet, start på botnkartleggingsprosjektet MAREANO og installasjon av ny multistrålesonar om bord på “G.O. Sars”.

Som ein del av arbeidet med Forvaltingsplan Barentshavet har det blitt dokumentert kva kunnskap som finst om dette havområdet og kvar innsatsen må setjast inn for å tette dei kunnskapshola som er avdekka. Havforskningsinstituttet har arbeidd i dei nordlege havområda sidan tidleg på 1900-talet og er den institusjonen i Noreg som har mest kunnskap om dei store isfrie områda i nord.

Gjennom snart 50 år har samarbeid med russiske forskarar skaffa oss eit svært godt kunnskapsgrunnlag både om ressursane og miljøtilhøva i Barentshavet. Det

siste året har det blitt letta på restriksjonane på tilgang til russisk sone med våre forskingsfartøy, noko som er svært viktig for å få eit heilskapleg bilete av dette økosystemet. I 2005 har me styrka og vidareutvikla samarbeidet mellom russiske og norske forskingsfartøy i Barentshavet.

Det store botnkartleggingsprosjektet MAREANO, som instituttet gjer i samarbeid med Noregs geologiske undersøking og Statens kartverk – sjø, fekk si første løyving i revidert nasjonalbudsjett 2005. Prosjektet vert leia frå Havforskningsinstituttet si avdeling i Tromsø, noko som vil bidra til ytterlegare styrking av vår satsing der.

I vårt arbeid i havområda og på kysten hentar me inn ei enorm mengde data til bruk både i forskning og rådgiving. Mykje av dette datamaterialet vert brukt i dei årlege bestandsutrekningane og til å oppdatere dei sentrale lange tidsseriane me har. Som eit døme kan nemnast at me har ein tidsserie for norsk vårgytande sild som går tilbake til 1965. Denne serien vert oppdatert kvart år med data frå tokta me gjennomfører i Barentshavet om hausten saman med russiske forskarkollegaer.

Ved Havforskningsinstituttet vert alle data me hentar inn kvalitetssikra og lagra ved instituttet sitt datasenter, Norsk marint datasenter. Instituttet sine data skal også vere tilgjengelege for forskarar frå andre miljø, og det er sett i gong eit større arbeid med å gjere dei meir tilgjengelege og synlege via våre nettsider www.imr.no.

Det er fullt muleg for Noreg å mangedoble produksjonen av oppdretta fisk, men det fordrar at ein tenkjer nytt både når det gjeld sikringssonar og bereevna til den einskilde lokalitet. Tilgang på marint feitt er også ein avgrensande faktor. Det store talet fisk som rømde frå oppdrettsanlegg i 2005 er ei utfordring i forhold til å få aksept for å auke produksjonen. Ytterlegare forskning på overleving og vandringsmønster hos rømt fisk og måling av genetisk



Torsk *Gadus morhua*

påverknad av rømt fisk på ville bestandar, er viktige satsingsområde hos oss.

Havforskningsinstituttet har vore ein sentral aktør når det gjeld å få fram nye marine artar i oppdrett. At meir enn 20 års forskning på torsk no ser ut til å skape grunnlag for kommersiell produksjon, er gledeleg. Forskningsaktiviteten ved instituttet er i dag i stor grad retta mot å få styrka forskinga på sjukdommar hos torsken og korleis dei bør handterast. Eit anna satsingsområde er å få kartlagt torskens genom. Det er viktig å gjere dette før torsken er blitt ein stor oppdrettsart, samstundes vil det gi kunnskap som kan nyttast i forskning på korleis til dømes klima eller olje påverkar ville bestandar. Målet er å få kunnskap nok til å handtere problemstillingar knytt til rømming og eventuell genetisk interaksjon mellom vill og oppdretta torsk når slike saker oppstår.

Stortinget vedtok våren 2005 at samarbeidet mellom dei blå og grøne forskingsinstitutta skal styrkast gjennom ei tydlegare rolledeling der skiljet går mellom bransjeretta og forvaltingsretta forskning. Til å ta seg av den bransjeretta forskinga skal det etablerast eit selskap, NOFIMA, med hovudkontor i Tromsø og avdelingar i Bergen, på Ås og i Tromsø. Det har vore lagt ned mykje innsats i prosessen frå Havforskningsinstituttet si side, og me reknar med at ein ny struktur vil vere på plass frå 1. januar 2007. Havforskningsinstituttet skal framleis vere det leiande forvaltingsretta marine forskingsinstituttet i Noreg.

Rådgeving

Ei av Havforskningsinstituttet sine viktigaste oppgåver er å levere forskingsbaserte råd til styresmaktene om korleis dei marine ressursane i havet og på kysten bør forvaltast. Også i 2005 leverte instituttet råd for hausting på meir enn 40 fiskebestandar. Dei fleste av råda vart gitt i samsvar med råd frå ICES (Det internasjonale råd for havforskning) kor instituttet sine forskarar i eit breitt internasjonalt samarbeid kjem fram til desse anbefalingane.

Rådgeving innafør akvakultur baserer seg ikkje berre på dei forskingsresultata instituttet sjølv produserer og kunnskap frå andre nasjonale og internasjonale forskingsmiljø. På dette feltet gir ikkje instituttet faste

årlege råd, men leverer når forvaltinga etterspør det, eller når me sjølve har resultat me meiner bør kome til forvaltinga sin kunnskap.

Havforskningsinstituttet er òg høringsinstans i alle saker der det er snakk om å etablere anna verksemd i marine områder, til dømes petroleumsverksemd. I 2005 har dette dreidd seg om utlysing av leiteblokker på Møre og Lofoten–Barentshavet. Instituttet legg til grunn den kunnskapen som i dag finst og har i dei aktuelle sakene frårådd verksemd i Lofoten og Troms II samt på dei mest kystnære blokkene utanfor Møre. I Barentshavet meiner Havforskningsinstituttet at det kan opnast for leiteboring i dei isfrie havområda under føresetnad av null utslepp.

Samarbeid

Som eit av dei største marine forskingsmiljøa internasjonalt, er Havforskningsinstituttet ein attraktiv samarbeidspartnar. Gjennom fleire år har me hatt levande samarbeidsavtaler med USA og Canada, i tillegg til det snart 50-årige gode samarbeidet med russiske forskarar. Dei seinare åra har Havforskningsinstituttet underteikna samarbeidsavtaler med mellom anna Irland og Hellas.

Nasjonalt har instituttet ei rekkje samarbeidsavtaler med universitet, høgskular og forskingsinstitusjonar. Gjennom samarbeidsavtalene vert det generert idear og gjort rolleavklaringar som set alle partar betre i stand til å levere gode resultat.

Fagsenteret

Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid koordinerer store delar av den fiskeribistanden Noreg gir til utviklingsland. Nansenprogrammet har gjennom mange år vore eit flaggskip i norsk fiskeribistand og har bidrege til at mykje kompetanse er overført frå Noreg til samarbeidsland.

Forskarar frå Havforskningsinstituttet vart sommaren 2005 engasjert gjennom Fagsenteret til å gjere kartlegging av effektar på havbotnen etter tsunamien utanfor Sumatra i Indonesia. Eit 42 dagars tokt med eit indonesisk forskingsfartøy utstyrt med norsk undervasssteknologi til kartlegging, viste at mellom



Torsk *Gadus morhua*

anna ein del korallrev var dekkja av store mengder sand. Sanden har lagt seg som eit teppe over havbotnen, mellom anna var eit barriererev om lag 20 km frå kysten heilt dekkja av sand. Undersøkingar viste at samfunna av botndyr var som venta, det tyder på at desse samfunna greier seg bra og restituerer seg raskt etter ei slik hending.

Infrastruktur

Det er eit mål for Havforskningsinstituttet til ei kvar tid å ha optimal infrastruktur både på sjø og land. Hausten 2006 skal me ta i bruk den “nye” forskingsstasjonen i Matre. Dette vert truleg den mest avanserte akvakultur-forskningsstasjonen i Europa, med utstyr som kan styre alle tenkelege parameter som påverkar utviklinga hos fisken.

Den nye og oppgraderte forskingsstasjonen har i tillegg to sjøanlegg i nærleiken. Samla gir dette unike fasilitetar for å bringe fram ny kunnskap.

“G.O. Sars” er framleis det mest avanserte forskingsfartøyet i verda og vert i dag brukt som modell for bygging av nye forskingsfartøy i andre land. Hausten 2005 fekk fartøyet installert ein ny multistrålesonar som viser det som skjer på sida av båten. Dette avanserte forskingsverktøyet er utvikla av Havforskningsinstituttet i samarbeid med det franske instituttet IFREMER og elektronikkfirmaet SIMRAD.

Ny strategi

Havforskningsinstituttet hadde sin førre strategiprosess i 1999. Gjennom 2005 føregjekk det eit omfattande arbeid for å utvikle ein ny strategi for instituttet for perioden fram til 2011. Styret tok seg god tid til å drøfte kva utfordringar instituttet står framfor. Den overordna strategien vart vedteken i desember 2005 og tek til å gjelde frå 2006.

Organisasjonsjustering

1. januar 2004 vart Havforskningsinstituttet omorganisert. Dei største endringane i den nye organisasjonen var knytt til ny programstruktur med økosystemperspektiv kor forskinga vert utført i 19 forskingsgrupper. I tillegg vart det etablert ein eigen forskingsteknisk avdeling der dei fleste forskingsteknikarane har sitt arbeid.

Denne organisasjonsmodellen er krevjande, ikkje minst når det kjem til gode kommunikasjons- og samarbeidsformer. Ei temperaturundersøking våren 2005 signaliserte at organisasjonen ikkje har funne si endelege form, og det er sett i gong ein prosess for å vurdere kva endringar som bør gjerast.

Økonomi og administrasjon

Havforskningsinstituttet får største delen av si finansiering direkte over Fiskeri- og kystdepartementet sitt kapittel på statsbudsjettet. Denne posten utgjer i overkant av 50 % av instituttet sitt totale budsjett og skal finansiere dei oppgåvene instituttet vert pålagt gjennom departementet sitt tildelingsbrev. I tillegg hentar instituttet finansiering over programma i Noregs forskingsråd og i EU, frå Utanriksdepartementet/NORAD og andre kjelder.

Havforskningsinstituttet brukar både avansert fiskeleitingstutstyr og trål for å få eit så godt bilete som muleg av tilstanden i havet. Til ein del av dei oppgåvene me er pålagde må me leiga kommersielle fartøy som kan utføre andre operasjonar enn instituttet sine egne fartøy. Det er sett av forskingskvotar til bruk i denne verksemda slik at forskingsfangsten ikkje går av fartøyet sin eigen kvote. Forsøksfisket vert sett ut på offentleg anbod, og reiar får si betaling som ein avtalt del av inntektene frå sal av fangsten. Inntektene vert bruttoført i Havforskningsinstituttet sin rekneskap og må sjåast i samanheng med utbetaling til reiar på kostnadssida. I 2005 er begge desse postane høgare enn tidlegare år, noko som skuldast dei gode fiskeprisane dette året.

I 2005 fekk Havforskningsinstituttet eit positivt driftsresultat på 2,2 millionar kroner av ein omsetning på om lag 680 millionar. Ny overført reserve til 2006 er 27,2 millionar kroner.

Den menneskelege ressursen

I 2005 leverte instituttet 611 årsverk, inkludert 106 sjøfolk. Den vitskapelege delen av staben utgjer 216 årsverk. Instituttet har ein stor teknisk stab som utgjer 208 årsverk. Desse arbeider i hovudsak med ressurs- og miljøovervaking og drift av instituttet sin infrastruktur. Den administrative staben utgjer 75 årsverk.

Havforskningsinstituttet hadde ein netto nedgang på sju årsverk i 2005. Talet på administrativt tilsette gjekk ned, medan talet på forskarar auka. Det blei tilsett like mange postdoktorar og stipendiatar som det vart avslutta engasjement i desse stillingsgruppene.

Ved utgangen av 2005 utgjorde kvinnene 36 % av arbeidsstokken ved instituttet. I leiargruppa er det no 25 % kvinner, medan forskingsgruppene berre har mannlege leiarar. Alt i alt er berre 18 % av leiarane ved Havforskningsinstituttet kvinner. Det er langt frå målsetjinga om 40 % kvinnelege leiarar i offentleg sektor, og gir instituttet ei utfordring som det må arbeidast mykje med i tida som kjem.

Instituttet er ein arbeidsplass prega av lågt sjukefråvær og låg turnover. Me har ein svært kompetent og stabil stab, men me har utfordringar knytt til at mange nærmar seg pensjonsalder, og erfarings- og spisskompetanse i stor grad må utviklast og overførast innan instituttet.

Kommunikasjon

I Havforskningsinstituttet sitt føremål ligg det at me skal dela den kunnskapen me har både med dei som tek avgjerder og folk flest. Difor er kommunikasjon eit viktig

arbeidsfelt for alle som arbeider ved instituttet. Det er eit mål at vår kunnskap skal bli brukt både av skuleelevar, andre forskingsmiljø og som grunnlag for avgjerder både nasjonalt og internasjonalt.

I 2005 deltok Havforskningsinstituttet mellom anna under Aqua Nor i Trondheim, på aktivitetar under forskingsdagane på alle våre lokalitetar og me markerte 105-årsdagen for vårt institutt, Fiskeridirektoratet og NIFES med ein stor fagdag i Bergen 15. oktober. Våre to store populærvitenskaplege publikasjonar, Havets ressursar og miljø 2005 og Kyst og havbruk 2005, vart også dette året godt mottekne og me får signal på at dei vert brukte både som oppslagsverk og i undervisningssamanheng.

Havforskningsinstituttet medverkar ikkje til forureining av det ytre miljø.

Frå 1. januar 2006 fekk Havforskningsinstituttet nytt styre. Det gamle styret vil nytta høvet til å takke for godt samarbeid og interessante oppgåver.

Styret takkar alle tilsette ved Havforskningsinstituttet for godt arbeid i 2005.

Kari Riddervold

Leiv Grønnevet

Lars Walløe

Lisbeth Berg-Hansen

Peter Gullestad

Anne Gro Veia Salvanes

Magnus Johannessen

Jan Skjervå

Kathrine Michalsen

Året i glimt



JANUAR

“Bien dong”

Vietnam fekk FF “Bien Dong” som gåve frå Noreg etter Vietnamkrigen i 1976. Erling Bakken besøkte fartøyet hausten 2004 – og vart imponert. “Bien Dong” er brukt til kartlegging av fiskeressursar i havområdet utanfor Nord- og Sør-Vietnam. Meir enn 20 forskingstokt vart gjennomført før den norske bistanden blei avslutta i desember 1979. “Bien Dong” er framleis i drift, godt vedlikehalden, og med renovert og nytt utstyr er den stadig eit viktig verktøy i marin forskning som gir kunnskap for god og berekraftig forvaltning av havets ressursar.



Allsidige forskingsstasjonar

– Forskingsstasjonane i Austevoll, Matre og Flødevigen har i dei seinare åra blitt vidareutvikla slik at vi nå kan ha betre eksperimentell kontroll av blant anna miljøfaktorar. Det nyaste eksempelet er utbygginga av forskingsstasjonen i Matre, der vi får mykje betre kontroll med vasskvalitet og andre miljøforhold, sa Geir Lasse Taranger til imr.no



Kveitehandbok

Oppdrett av kveite starta allereie midt på 80-tallet, men yngelproduksjon viste seg å vere ein flaskehals. Først de seinare åra har ein fått såpass kunnskap om teknologien og biologien at oppdrett igjen kan bli lønsam. Den kunnskapen som er opparbeidd er no samla i ei handbok og ein internettbasert manual.

Nytt sjønlegg og EU besøk

Det nye sjønlegget i Austevoll vart opna med slaktekniv av ordførar Helge Andre Njåstad og adm. dir. Tore Nepstad.

– Dette er det første anlegget som er fullsertifisert for sitt bruk her i landet, eit anlegg for framtida. No skal vi utvikle forskning av aller beste kvalitet her, understreka stasjonsleiar Torfinn Grav. Og berre få dagar seinare fekk stasjonen besøk av EU sin fiskeriråd, Joe Borg, som gjerne ville sjå kva muligheter dei nye forskingsfasilitetane gir.



FEBRUAR




Torskekurtise

Også torskehannane må leggje seg i selen for å sjarmere det andre kjønn.

– Lyden er helt essensiell. Utan lyd i gyteforspelet blir det neppe noko gyting, fortalde forskar Aud Vold Soldal. – Hannfisker gjer seg til for hoa, dei både dansar og lagar lyd. Dei sirkar rundt i åttetal innanfor eit lite revir og han gjer seg så flott han berre kan ved å spenne ut finnane slik at dei står ut til alle kantar. Så kjem hoa og vel den hannen hun synest ser og høyrst tøffast ut!

Genetikk-ekspressen

Korleis skille kysttorsk frå skrei – hurtig og effektivt? Havforskningsinstituttet har utvikla ein hurtigmetode for genteresting! Ved hjelp av ein spesiell DNA-analyse, såkalt Panl-analyse, kan vi i løpet av 24 timar få svar på kva type torsk vi har fått i fangsten. Metoden vart prøvd ut under skreitoktet i Lofoten.



MARS



Den underlege raude ormen

som vart funnen på MAR-ECO toktet viser seg å høyre til ein heilt ny familie. I ein Nature-artikkel 17. mars vart gåta løyst. Dyra vart sett første gong i juni 2003. I 2004 vart dyra filma fleire gonger – men aldri fanga. Eit einaste individ fanga i Stillehavet var nok til å kunne fastslå identiteten. Forskarar frå MAR-ECO prosjektet, Mike Vecchione frå USA og Andrey Gebbruk frå Russland kunne slå fast at dei raude dyra må plasserast i ein ny familie under klassen Enteropneusta, på norsk "krageormar".

Undersøkte tobis-bestanden

For første gong gjorde Havforskningsinstituttet eit mengdemålingstokt på tobis i norsk sone. Tobis gjev seg ned store delar av døgeret, difor er det vanskeleg å mengdemåle den.

– På toktet gjorde vi både akustiske målingar og mengdemåling med hjelp av grabb-, skrape- og trålprøver, i tillegg til at vi brukte fotoutstyr, sa toktleiar Odd Smedstad til imr.no. Tilbake frå toktet uttrykte forskarane stor bekymring for tobisbestanden i Nordsjøen.



APRIL



OK ministerbesøk

6. april var landbruks- og matminister Lars Sponheim på besøk hos forskingsgruppe Oseanografi og klima. Han fekk eit godt innblikk i instituttet si klimaforskning og samarbeidet innfor Bjerknessenteret. Landbruksministeren var ein interessert lyttar med mange spørsmål knytt til aktuelle klimautfordringar. Han kunne dra heim att med eit eksemplar av Norskehavsboka som han fekk av Svein Sundby, noko han sette stor pris på.

Økosystemtokt i Norskehavet

6. mai gjekk "Johan Hjort" og "G.O. Sars" på økosystemtoktet i Norskehavet saman med fartøy frå Island, Færøyane, Danmark (EU) og Russland. - Denne toktserien har gått sidan 1996, men det er første gong toktet involverer heile økosystemet med parallelle undersøkingar av sjøfugl og sjøpatedyr. Vi skal måle utbreiinga av dei ulike artane. Det blir interessant å sjå dei i samanheng, og kor dei er utbreidd med tanke på predasjon, som predatorar og byttedyr. På denne måten vil vi få meir heilskapleg forståing for dette havområdet, fortalde Jens Christian Holst, som var toktleiar ombord på FF "G.O. Sars".



MAI



Kyst og havbruk 2005


Havforskningsinstituttet sine statusrapportar kom i ny form i 2005 som følgje av dei organisatoriske endringane med fokus på dei marine økosystema i instituttet. Målet er å styrke kunnskapen om samanhengane mellom bestandar, mellom dei forskjellige nivåa i næringskjeda og mellom de biologiske, kjemiske og fysiske mekanismane i havet. Kyst og havbruk 2005 kom ut 12. mai og i den kunne ein mellom anna lese om: Kvifor kysten er viktig, om kystressursar og kysten som vår viktigaste åker, laksefisk, marin fisk, skaldyr og havbeite.

Norsk leiar i IWC

Arne Bjørge vart vald til leiar av Vitskapskomiteén i Den internasjonale kvalfangstkommissjonen (IWC). Valet gjeld for ein treårsperiode og Bjørge er andre nordmann i dette vervet. I Vitskapskomiteén møter om lag 200 av verdas fremste kvalforskarar frå over 30 nasjonar. Vitskapskomiteen har 13 underkomitear og ei rekkje arbeidsgrupper. I tillegg til dei årlege møtene, gir komiteen ut ein eigen vitskapeleg journal med tre årlege hefte og Vitskapskomiteén sin årlege rapport.



JUNI



Produksjonsrekord av torskeyngel


I 2005 vart det produsert over 500 000 torskeyngel ved feltstasjonen i Parisvatnet. Dette er det beste resultatet ein har hatt i Parisvatnet sidan pollproduksjon av torskeyngel starta her i 1986. Det gode resultatet skuldast mellom anna at vassforsyninga er forbetra og at ein starta tidleg med startfôring. Driftsleiar Jan Pedersen er svært fornøgd med årets yngelproduksjon i Parisvatnet.

Tsunami-tokt utanfor Indonesia

Kva øydeleggingar gjorde jordskjelvet og den påfølgjande tsunamien på det marine livet, til dømes på fiskebestandar og oppvekstområde for fisk? Store delar av fiskeflåten blei øydelagt og ein frykta at det marine økosystemet var sterkt skada. For å undersøke dette samla ein 35 forskarar, seks av dei frå Havforskningsinstituttet, for å kartlegge havbotnen utanfor Indonesia. Forskarane brukte to indonesiske forskingsfartøy, mellom anna RV Baruna Jaya VIII som vart bygd i Noreg og levert til Indonesia i 1998. Toktet kosta 10 millionar og var finansiert av Noreg, med støtte frå Verdsbanken.



JULI



Ny rapportserie om dei fysiske miljøtilhøva i Nordsjøen

Endringar i havstraumane og variasjonar i rekrutteringa til fiskebestandar i Nordsjøen heng saman. Gjennom NORSEPP (North Sea Pilot Project) skal det no lagast kvartalsvise rapportar om straumane og vassmassene i Nordsjøen. Kvartalsrapportane skal gi oppdatert informasjon som kan brukast i arbeidet med å vurdere fiskebestandar og tilrå fiskekvoter. Etterkvart som samanhengar mellom havstraumar og fiskebestandar blir betre kartlagt, ventar vi at rapportane vil bidra til betre prognoser.

På nett med forskarane i Barentshavet

“G.O. Sars”, “Johan Hjort” og “Jan Mayen” la ut på økosystemtokt i Barentshavet i august. Samstundes opna Havforskningsinstituttet sin nye nettportal for Barentshavet der alle vart bedne med som tokt deltakarar – virtuelt, vel og merke. På www.imr.no/Barentshavet kunne ein lese dagbok frå forskarane i Barentshavet, følgje fartøya sine posisjonar, sjå kor mykje torsk dei fanga, og kva dei elles fann. Det viste seg at mange nytta høvet til å følgje med, noko som mellom anna gav ei rekkje oppslag i media.



AUGUST



Å kjenne lusa på nettet

www.lakselus.no opna i august. På desse nettsidene presenterer Havforskningsinstituttet si forskning på lakselus. Her finn du pågåande prosjekt, sluttrapportar og presentasjon av forskarane som jobbar med problemstillingar rundt lakselus. Her er ein eigen bildebase og det er muleg å stille spørsmål direkte til forskarane.

Forskar for ein dag i Flødevigen

I Arendal fekk 60 biologistudentar frå dei vidaregåande skulane i Agder prøve seg som forskarar for ein dag. Elevane fekk mellom anna bruke fjernstyrt undervasskamera, gjere DNA-analyser, bruke ulike mikroskoptechnikar og kaste not. Saman med forskarar søkte elevane svar på spørsmål om livet i havet, mellom anna desse:

– Er torsken i Arendal i “familie” med torsken i Tvedestrand? – Kor mangfaldig er dyre- og plantelivet i strandsona? og – Kva finnest i 1 liter sjøvattn?



SEPTEMBER



Europeisk ungdom på Johan Hjort

I skuleprosjektet “We and the water” deltek elevar frå fem europeiske land, og i september var mange av dei samla i Vesterålen. For unge europearar frå innland og storbyar som knapt hadde vore på ein båt før, vart det ei oppleving for livet å dra på tur med “Johan Hjort”.

Elevar og lærarar fekk omvising, orientering og oppleve bruk av CTD, planktonhåv og trålhal. Med l. styrmann Svein-Roger Fredheim som lokal kjentmann på brua vart det ein strålende dag i nordnorsk natur.

–Veit du at fisken kan snakke?

Ååh, det høres ut som ei motorsag! 800 elleville 6. klassingar og mange tusen forskingsinteresserte var innom forskingsdagane i Bergen.

Elevane var kjempebegeistra når dei høyrde torsk, hyse og brosme som “snakka”. Den lange og intense knurringa til brosma vart samanlikna med både motorsag og motorsykkellyd.

– Kva er det, sa ein liten gut og peikte på den enorme levera. Er det symjeblåra? Fisken sine tenner, auge og skinn vart også nøye studert.



Lyd og lys i Tromsø

På forskingstorget i Tromsø viste havforskarane korleis dei ser ned i havet. Her fekk dei nysgjerrige mellom anna sjå korleis vi brukar video til å måle blåkveite på 600 meters djup og til å avsløre korleis kongekrabben vandrar. Dei fekk sjå korleis ein tel sel frå fly og helikopter og korleis vi brukar trål og ekkolodd til å måle fisk.

105 år

er gått sidan det som i dag er Havforskningsinstituttet, NIFES og Fiskeridirektoratet vart etablert. Jubileet vart markert med ein brei fagdag med rundt 400 deltakarar i Bergen. Innleiarane var henta frå næringa, miljøorganisasjonane, departementet og samarbeidspartnarar – og sjølvsgatt frå egne rekker. Tema var framtida med basis i solid tradisjon og historie. Det vart ein god dag både fagleg og sosialt.



OKTOBER



– Meir samarbeid

må til for å få ei framtidretta utvikling i fiskeria våre, sa forskingsdirektør Ole Arve Misund då han innleidde på Norges Fiskarlag sitt landsmøte i Trondheim. Eit av områda han framheva var bruk av data frå Referanseflåten som grunnlag for tidsseriar og bestandsutrekningar, noko som vil bli viktigare i framtida. Han inviterte også Norges Fiskarlag med på ein diskusjon om korleis kommunikasjonen frå Havforskningsinstituttet og ICES kan bli betre.

MAR-ECO-heider til “G.O. Sars”

“G.O. Sars” fekk pris for “outstanding contribution to the success of the Census of Marine Life”. Denne internasjonale prisen fekk fartøy og mannskap for sin innsats under MAR-ECO-toktet sommaren 2004. Toktet har fått stor internasjonal merksemd og har styrka Noreg sin posisjon som leiande aktør innan internasjonal havforskning. I grunngevinga heiter det at fartøy og mannskap viste at fleirfagleg, marinøkologisk forskning kan utførast effektivt frå ei og same plattform når bemanning, teknologi og prosessar er riktige.



NOVEMBER




Helga Pedersen,

vår nye fiskeri- og kystminister, besøkte “G.O. Sars” ved kai i Oslo og Havforskningsinstituttet i Bergen i løpet av eit par dagar i slutten av november. Pedersen fekk sjå både båt og instrumentering – mellom anna den nye multi-strålesonaren som var montert eit par dagar før besøket og framleis var under uttesting då ministeren kom til instrumentrommet. Under besøket i Bergen vart ho presentert for utfordringane i marin forskning i framtida.

Mareano i gong

I juni 2005 vart dei første pengane sett av til å starte det store botnkartleggingsprosjektet MAREANO. Og i desember var dei første områda på Tromsøflaket kartlagt av “H.U. Sverdrup”. Tydelege spor etter drivande isfjell på havbotnen viste at den har endra seg lite etter at isdekket forsvann for meir enn 10.000 år sidan. Trass i hauststormar, vart det kartlagt rundt 1000 kvadratkilometer med høg kvalitet. Hovudinstrumentet var eit multistråle-ekkolodd som gir ein detaljert terrengmodell over havbotnen.



DESEMBER


 Norges forskningsråd



Godt tilslag i Havet og kysten

Forskningsprogrammet Havet og kysten vart etablert sommaren 2005 og Havforskningsinstituttet var naturleg nok sterkt representert i første søknadsrunde. Av om lag 45 innsende søknader fekk instituttet tilslag på 10 nye prosjekt. Programmet mottok totalt 177 søknader, 26 vart innvilga med eit samla beløp på omlag 25 mill. kroner. Programstyret la vekt på vurderingar av fagleg kvalitet og relevans frå minst to uavhengige kjelder. Det er svært bra at Havforskningsinstituttet fekk nærare 40 % av prosjekta som vart tildelt.

Organisasjon



Leiv Grønnevet (leiar), bedriftsrådgivar, SINTEF MRB, Ålesund
 Heidi Meland (nestleiar), dagleg leiar, Kunnskapssenteret i Gildeskål
 Peter Gullestad, fiskeridirektør, Fiskeridirektoratet, Bergen
 Knut Werner Hansen, fiskar, Vannvåg
 Randi Eidsmo Reinertsen, forskningssjef, SINTEF Helse, Trondheim
 Alf Håkon Hoel, førsteamanuensis, Institutt for statsvitskap, Universitetet i Tromsø
 Marit Solberg, administrerande direktør, Marine Harvest Norway, Bergen
 Einar Svendsen, forskar, tillitsvald vitskapleg personell
 Leif Austgulen, fagkonsulent, tillitsvald teknisk/administrativt personell

Varamedlemmar

Jens Malvin Skei (1. vara) forskningssjef, NIVA, Oslo
 Eva Toril Strand (2. vara) fiskebåtreiar, Averøy

Vara for fiskeridirektøren

Grethe Aa. Kuhnle, avdelingsdirektør, Fiskeridirektoratet

Varamedlemmar, Havforskningsinstituttet

Harald Gjørseter, forskar, vitskapleg personell
 Kathrine Michalsen, forskar, vitskapleg personell
 Elen Hals, seniorkonsulent, teknisk/administrativt personell
 Kjell Bakkeplass, overingeniør, teknisk/administrativt personell

Administrerande direktør Tore Nepstad


Forskingdirektør Åsmund Bjordal, Rådgivingsprogram Barentshavet (til 1.9.05)
 Forskingdirektør Ole Arve Misund, Rådgivingsprogram Norskehavet/Nordsjøen
 og Rådgivingsprogram Barentshavet (frå 1.9.05)
 Forskingdirektør Ole J. Torrissen, Rådgivingsprogram akvakultur
 Forskingdirektør Erlend Moksness, Rådgivingsprogram økosystem kystsone
 Forskingssjef Ole Jørgen Lønne, avdeling Tromsø
 Forskingssjef Ingvar Huse, Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid
 Informasjonssjef Jo Høyser (til 1.9.05)
 Informasjonssjef Kari Østervold Toft (frå 1.11.05)
 Avdelingsdirektør Trond Westgård, Forskningsteknisk avdeling (til 31.08.05)
 Avdelingsdirektør Anne Skarstein, Administrasjonsavdelinga
 Avdelingsdirektør Per W. Nieuwejaar, Reiarlaget og Forskningsteknisk avdeling (frå 1.9.05)
 Seniorrådgivar Kari Østervold Toft (til 31.10.05)
 Seniorrådgivar Åse L. Pedersen (frå 1.11.05)

Nøkkeltal

Økonomi


Finansrekneskap 2005

1000 kroner	Kapittel 1020 Havforskningsinstituttet	Kapittel 1021 Reiarlag	Totalt Havforskningsinstituttet
	Rekneskap 2005	Rekneskap 2005	Rekneskap 2005
UTGIFTER			
Løn inkl. sosiale kostnader	222 253	76 322	298 575
Basis driftskostnader	98 221	77 219	175 440
Utviklingskostnader/investeringar	7 551	8 013	15 654
FoU-prosjektrelaterte driftskostnader	104 618	0	104 618
Godtgjering til reiar for leigefartøy	83 614	0	83 614
Sum utgifter	516 257	161 644	677 901
FINANSIERING			
Fiskeri- og kystdepartementet	231 890	107 429	339 319
Netto overføringer mellom kapittel 1020 og 1021	853	-853	0
Noregs forskingsråd	65 806		65 806
EU	9 626		9 626
Norad	27 724	32 208	59 932
Utanriksdepartementet	10 476		10 476
Annan offentlig finansiering	21 530	18 442	39 972
Fangstinntekter	116 230		116 230
Anna finansiering	35 820	2 839	38 659
Sum finansiering	519 955	160 065	680 020
Over-/underdekning	3 698	-1 579	2 119
Reserve ved byrjinga av året			25 086
Reserve ved slutten av året			27 205



Havforskningsinstituttet har eit positivt driftsresultat på 2,229 mill. kroner for 2005. Ny overført reserve til 2006 er 27,205 mill. kroner. Driftsinntektene var på totalt 677,901 mill. kroner, ei auke frå året før med i alt 60,484 mill. kroner.

Instituttet sine lønskostnader 2005 er på 298,575 mill. kroner, ei auke frå 2004 med i alt 8,941 mill. kroner, eller vel 3 %. Kostnader til varer og tenester utgjer 379,326 mill. kroner, ei auke frå 2004 på 51,543 mill. kroner. I prosent er dette ei auke på vel 15 %.



Instituttet si prosjektportefølje i 2005

Storleik (i 1000 kr) for heile prosjektet	Tal prosjekt i 2005	Totalsum 2005
0 - 100	85	3 850
101 - 500	123	33 998
501 - 2000	148	159 731
2001 og over	71	426 919
Sum	427	624 498

Tilsette

Årsverk 2005 (faste og engasjerte inntil 4 år)

Kategori	Bergen	Tromsø	Flødevigen	Matre	Austevoll	Fagsenteret	Rederi	Totalt 2005	Totalt 2004
Forskarar	117,6	15,0	11,2	7,5	12,7	8,5		172,5	166,6
Teknisk personell FoU	104,2	6,4	11,1	9,9	14,2	4,5		150,3	150,8
Teknisk personell	21,5	1,0	1,5	2,0	3,0		28,4	57,4	57,5
Adm. personell	58,5	3,0	3,0	2,5	2,0	1,9	4,0	74,9	81,2
Skipspersonell							106,0	106,0	106,0
Sum	301,8	25,4	26,8	21,9	31,9	14,9	138,4	561,1	562,1

Stipendiatar	18,6	1,0		2,4	3,5	0,0		25,5	27,3
Postdoktorar	6,7	0,0	2,0	1,8	1,3			11,8	15,7
Forskingssjef II	1,6		0,2	0,6				2,4	2,0
Lærlingar				2,0	2,6		1,3	5,9	5,1
Reinholdarar			0,7	1,0	2,7			4,4	4,2
Arbeidsmarkedsstillinger	0,2							0,2	2,4
Sum	27,1	1,0	2,9	7,8	11,4	1,0	1,3	50,2	56,7

Forskingdirektørar og stasjonsleiarar er plasserte under administrativt personale. Berekningane går på årsverk.

Årsverk (faste og engasjerte inntil 4 år) 1998–2005

Kategori	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
Forskarar	152,0	143,2	135,8	134,4	144,8	165,6	166,6	172,5
Teknisk personell	181,9	181,1	175,7	179,6	187,4	204,2	208,3	207,7
Skipspersonell	107,0	102,0	118,0	118,0	118,0	117,0	106,0	106,0
Adm. personell	69,5	63,2	66,1	65,9	68,4	72,0	81,2	74,9
Sum	510,4	489,5	495,6	497,9	518,6	558,8	562,1	561,1

Stipendiatar		20,8	25,2	22,6	26,3	27,5	27,3	25,5
Postdoktorar		0,0	2,1	7,0	7,8	14,8	15,7	11,8



Avgang og tilvekst av forskarar og anna fagleg personale

	2005	
	Avgong (tal)	Tilvekst (tal)
Næringslivet	2	
Universitet og høgskule (unnateke nyutdanna)	2	5
Andre forskingsinstitutt		
Offentleg verksemd	1	1
Utlandet		2
Nyutdanna		
Anna (inkl. avgang for aldersgrensa)	9	6
Sum	14	14

Doktorgradar avlagde av Havforskningsinstituttet sine tilsette i 2005

Norsk-arktisk torsk fra gyteområdet til oppvekstområdet “The impact of climate on early stages of Arcto-Norwegian cod – a model approach”	Frode Vikebø	Oseanografi og klima
Kongekrabben krev moderniserte fiskereiskap “Red king crab (<i>Paralithodes camtschaticus</i>) in Norwegian waters: Methods to reduce bycatch in passive fishing gears and estimates of unaccounted mortality in lost crab pots.”	Hallvard Godøy	Fiskeri og bestand
Torsk – seleksjon, fiskepress, utbytte og bestand “The northeast Arctic cod (<i>Gadus morhua</i> L.) stock: Gear selectivity and the effects on yield and stock size of changes in exploitation pattern and level”	Cecilie Kvamme	Fiskeri og bestand
Proteinnedbrytende enzymer frå lakselus “Trypsin and trypsin-like peptidases from <i>Lepeophtheirus salmonis</i> ”	Rasmus Skern	Marin genomforskning
Fordøyingsenzymer i lakselus “Trypsins from the salmon louse (<i>Lepeophtheirus salmonis</i> Crustacea, Copepoda)”	Bjørn O. Kvamme	Marin genomforskning
Laksens virvelsøyle – vekst og mineralisering “Growth and mineralisation of the vertebral column in cultured Atlantic salmon (<i>Salmo salar</i> L.)”	Per G. Fjelldal	Vekst og reproduksjonsfysiologi
Characterisation of myogenic genes in skeletal muscle of Atlantic salmon (<i>Salmo salar</i> L.)	Susan Gotensparre	Vekst og reproduksjonsfysiologi (Samarbeid med Universitetet i St. Andrews, finansiert av Havforskningsinstituttet)
Fiskeriøkonomi “Some economic aspects of relevance for harvest rules for marine fish stocks”	Per Sandberg	Fiskebestandar Barentshavet

Tal på forskarar med doktorgrad ved Havforskningsinstituttet

1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
42	43	51	69	70	70	93	116	120	124



Doktorgradar

	2005	
	Menn	Kvinner
Tilsette i hovudstilling ved instituttet med doktorgrad	96	28
Tal dr.gradsstipendiatar med arbeidsplass på instituttet	17	16
Andre (ikkje stipendiatar) som arbeider med doktorgrad	7	6
Tal nye dr.gradar avlagde av personar tilsett ved instituttet	6	2

Publisering

Publisering og formidling 2005

Kategori	Tal
Artiklar i internasjonale vitenskaplege tidsskrift med referee	140
Artiklar i norske vitenskaplege tidsskrifter med referee	
Fagbøker, lærebøker eller andre sjølvstendige utgivingar	10
Kapittel eller artiklar i fagbøker, lærebøker, konferanserapportar ("proceedings"), fagtidsskrift	152
Rapportar i eigen rapportserie	219
Rapportar i ekstern rapportserie	33
Rapportar til oppdragsgivarar (konfidensielle sluttrapportar)	
Føredrag/framlegging av paper/poster	427
Populærvitenskaplege artiklar og føredrag	53

*) I tillegg kjem ei omfattande populærvitenskapleg verksemd i form av artiklar, føredrag, kronikkar, leiarar o.l. i tidsskrift, dagspresse, radio og tv.

Konferansar, seminar o.l. der instituttet har medverka som arrangør i 2005 (kun konferansar o.l. som varar ein heil dag eller meir)

Tal konferansar	5
-----------------	---

Samarbeid

Vegleiingssamarbeid med universitet og høgskular 2005

	Menn	Kvinner
Tilsette i hovudstilling ved instituttet som har vore vegleiarar for hovudfags-/doktorgradskandidatar i 2005	33	4
Tal avlagde doktorgradar i 2004 der instituttet har bidratt med vegleiing	6	1
Tal hovudfags-/diplomstudentar med arbeidsplass ved instituttet	9	21



Utanlandske gjesteforskarar med opphald over 2 månader ved instituttet 2005.

Frå land/region	Tal gjesteforskarar	Månader opphald i alt
Norden		
EU, ekskl. Norden		
Europa elles		
USA	1	2
Canada		
Asia	1	5
Annet		
Sum gjesteforskarar	2	7


Forskarar og anna fagleg personale i hovudstilling ved instituttet med opphald over 2 månader ved utanlandsk forskingsinstitusjon 2005.

Til land/region	Tal forskarar	Månader opphald i alt
Norden		
EU, ekskl. Norden		
Europa elles		
USA	1	2
Canada		
Asia		
Annet	1	4
Sum utanlandsopphald	2	6

Tokt

Toktoversikt

Fartøy	Fartøydager totalt 2004	Fartøydager totalt 2005
“G.O. Sars”	309	317
“Johan Hjort”	306	300
“G.M. Dannevig”	156	174
“Håkon Mosby”	282	309
“Dr. Fridtjof Nansen”	303	349
“Hans Brattström”	219	201
“Fangst”	166	162
“Jan Mayen”	87	62
Andre fartøyer	1 000	1 048
Sum	2 828	2 922



Fagleg verksemd

Havforskningsinstituttet har ein organisasjon som er retta inn mot å gi gode og heilskaplege råd til forvaltinga. Forsknings- og rådgivingsaktiviteten vert leia gjennom tre økosystembaserte og eit tematisk program. Rådgivinga byggjer på det faglege arbeidet som vert utført i dei 19 forskingsgruppene og i forskningsteknisk avdeling.



Torsk *Gadus morhua*

Rådgivingsprogram økosystem Barentshavet

FORSKINGSDIREKTØR: ÅSMUND BJORDAL (TIL SEPTEMBER), OLE ARVE MISUND (FRÅ SEPTEMBER)

MÅL

Det overordna målet er å gi heilskapleg rådgiving for ei berekraftig forvalting av fiskeria og annan aktivitet i Barentshavet. Gjennom kunnskapsbasert rådgiving skal programmet sikre

- reint hav som grunnlag for hausting av sunn og trygg sjømat
- betre rådgiving for fiske og fangst på einskildbestandar gjennom auka bruk av økosystemkunnskap
- reduksjon av negative økosystemeffektar av fiske og annan aktivitet

Å endre orienteringa frå den einskilde fiskebestand til å sjå mot økosystemet som heilskap er nødvendig i forvaltinga av ressursane i Barentshavet. I tillegg til at Barentshavet er eit område for viktige fiskeri, aukar no annan aktivitet sterkt. På norsk sokkel er Barentshavet nyleg gjenopna for heilårleg leiteverksemd, samstundes som olje- og gassverksemda vert bygd ut på russisk side. Transporten av olje og gass gjennom området aukar óg sterkt. I tillegg indikerer nyleg publiserte scenario at klimaendringar vil ha størst effekt i arktiske område.

FAGLEG AKTIVITET

I 2005 heldt me fram med omlegginga til meir økosystemtilnærma aktivitet. Det betyr eit sterkare fokus på økosystembasert rådgiving til forvaltinga, og auka innsats for å utvikle metodar som skal ivareta dette. Toktstrategien er også gradvis endra, frå tokt retta mot einskildbestandar til meir integrerte økosystemtokt. For Havforskningsinstituttet har ein viktig del av det generelle arbeidet vore å utvikle ein heilskapleg forvaltingsplan for Barentshavet.

► **Et reint Barentshav**

Arbeidet med utvikling av miljøkvalitetsmål og indikatorar som kan gi forvaltinga status om kor reint Barentshavet er, vart ferdig i 2005. Overvaking av havmiljøet er blitt ein integrert del av økosystemtøktet.

► **Nytte økosysteminformasjon i bestandsrådgivinga**

I 2005 har innsatsen særleg vore retta mot å definere aktuelle haustingsnivå for dei kommersielle fiskebestandane, der ein skal ta omsyn til tilgjengeleg økosysteminformasjon. I første omgang gjeld dette torsk kor ein no har etablert eit norsk-russisk fellesprosjekt. Det har vidare vore arbeidd med å få evaluert ein forvaltingsstrategi for nordaustarktisk hyse, eit arbeid som vert utført i tråd med eit vedtak i Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjon.

► **Økosystemeffektar av fisket**

På dette feltet er det arbeidd med å vidareutvikle ei effektiv seleksjonsrist i reketrål for å redusere bifangst av småreke og fiskeyngel. Forarbeidet til ei systematisk kartlegging av korleis fiskeria påverkar djuphavskorallar og andre botnhabitat er også gjennomført i 2005.

► **Samarbeid med Russland**

Vi deltek i eit omfattande samarbeid med det russiske havforskningsinstituttet PINRO i Murmansk i vurderinga av viktige kommersielle fiskebestandar og i utarbeidinga av langsiktige føre-var-forvaltingsplanar. Rammene for samarbeidet er gitti vedtak i Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjon. I 2005 vart det arrangert eit felles seminar om økosystembasert rådgiving i fiskeriforvaltinga.

► **Forvaltingsplan Barentshavet**

Forvaltingsplanen har grunnlag i Stortingsmelding nr. 12 (2001-2002), "Rent og rikt hav". Her vert det slått fast at det skal utarbeidast heilskaplege forvaltingsplanar for alle norske kyst- og havområde, og planen for Barentshavet er den første. I 2005 har Havforskningsinstituttet hatt stor medverking i arbeidet med Forvaltingsplan Barentshavet. Vi har levert delutgreiingar om hol i kunnskapstilfanget, miljøkvalitetsmål, forvaltingsmål og konsekvensar av samla påverknad. Forvaltingsplanen vert lagt fram vinteren 2006.

Rådgivingsprogram økosystem Norskehavet og Nordsjøen

FORSKINGS DIREKTØR: OLE ARVE MISUND

MÅL

Gjennom overvaking og forskning skal programmet bringe fram kunnskapsgrunnlaget for rådgiving til nasjonale og internasjonale forvaltingsstyresmakter om tilstanden til økosystema og økosystemkomponentane i Norskehavet og Nordsjøen, og gi prognosar for berekraftig hausting av fiskebestandar og sjøpattedyr. Programmet har ein prioritert portefølje av prosjekt som tematisk baserer seg på strategiplanen for tidlegare Senter for marint miljø 2002–2006, og på program frå tidlegare Senter for marine ressursar.

- Overvaking av økosystemtilstand: Gjennom overvaking basert på observasjonar, fangststatistikk og modellresultat, vil havklima, biologisk produksjon, fiskebestandar, sjøpattedyr og biologisk mangfald etter kvart bli talfesta. Det skal utarbeidast prognosar for bestandsutvikling under aktuelle haustingsregime for blant anna norsk vårgytande sild, nordsjøtsild, makrell, kolmule, lange og brosme.
- Overvaking av menneskeleg påverknad: Nivå av forureining, mellom anna frå radionuklider, organiske miljøgifter og auka nivå av nærings salt skal overvakast. Vi skal gi råd om tekniske reguleringar for betre arts- og storleiksseleksjon i fiske, og for ulike habitattiltak som avgrensingar av fiske ved korallrev.
- Forsking: Forskingsprosjekt skal framskaffe relevant kunnskap om økosystema si oppbygging, verkemåte og variabilitet. På same måte skal vi studere effektar av menneskelege inngrep i økosystema, som for eksempel utslepp av produsert vatn frå oljeindustrien.

Innafor programmet skal det òg utviklast betre metodar for observasjon og hausting, og modellsystem som viser kvantitative samanhenger og prognosar for utviklinga i marine økosystem skal bli betre.

FAGLEG AKTIVITET

► Forvaltingsråd for fiskebestandar

- Styresmaktene følgde forvaltingsråda våre for dei viktigaste pelagiske fiskebestandane i Norskehavet og Nordsjøen som norsk vårgytande sild, makrell og nordsjøtsild, og fastsette kvoter om lag som våre tilrådingar for desse bestandane.
- Fiske etter kolmule vart stoppa i slutten av april etter vår tilråding direkte til Fiskeri- og kystdepartementet. Fisket vart opna igjen seinare på sommaren utan at det vart noko reelt fiske. Forvaltingsrådet for kolmule vart ikkje følgt, noko som kan bli svært alvorleg for denne bestanden som er sterkt overbeskatta.
- Vi lukkast i å få kartlagt og estimert 2002-årsklassen av norsk vårgytande sild som har vokse opp både i Norskehavet og i Barentshavet. Estimert var noko lågare enn venta. Sommaren 2005 vart det gjort ei omfattande kartlegging og overvaking av pelagiske bestandar og havmiljø i Norskehavet med leigde snurparar og pelagiske trålarar. Fangststatistikken er så usikker, spesielt for makrell og nordsjøtsild, at bestandsberekningane blir svært upålitelege. For nordsjøtsild er berekningane så usikre at dei ikkje brukast. Dette er spesielt kritisk sidan det er dårleg både bestand og rekruttering. I 2005 deltok vi i ei større og vidare kartlegging av kolmule enn nokosinne både på gytefeltet, i Norskehavet og i Barentshavet. Likevel er kunnskapen om utbreiing og biologi hos kolmule mangelfull, noko som gjenspeglar seg i usikre bestandsberekningar og rådgiving.

► Djuphavsressursar

Forsknings- og overvakingssinnsatsen på lange og brosme har vore avgrensa, og kunnskapen om bestandane sin tilstand er vesentleg basert på tidsseriar av fangst per eining innsats i det norske, færøyske og islandske linefisket. Desse analysane er nyttige for å studere utviklinga i bestanden over tid, men kan ikkje brukast til å framskrive bestandsutviklinga.

► Miljøgifter og radioaktivitet

Prøvetaking av vatn og fisk har halde fram. Nivået av cesium-137 og technetium-99 er lågt både i Nordsjøen og Norskehavet. Vi overvakar no nokre få faste stasjonar årleg, men kvart tredje år vert det gjennomført grundige undersøkingar.

► Miljøovervaking

Vi arbeider med å få laga nye tidsseriar av modellerte fysiske data frå havmodellar. Desse skal brukast for å gi god

oppløysing av data i tid og rom for å beskrive miljøet dei biologiske prosessane føregår i (planktonproduksjon, fiskevandring/beiting/gyting/oppvekst).

► **Biologiske verknader ved utslipp av produsert vatn frå oljeverksemda**

Det er framleis fokus på verknadane av produsert vatn på vekst og reproduksjon. I 2005 vart det gjort ny og utvida innsamling av prøver frå fisk i Nordsjøen for å kartleggje organisk forureining. Dette arbeidet blir rapportert i 2006. Også i overgangen mellom Norskehavet og Barentshavet vart det samla inn prøver av fisk, sediment og vatn for liknande studium som skal rapporterast i 2006.

► **Føre-var-tilnærming og økosystembasert forvaltning**

Dei vitskapelege råda for fiskebestandane vert gitt ut frå føre-var-prinsippet i forhold til gytebestand og rekruttering. Vi arbeider med å implementere økosystemforståinga i bestandsberekningane. Dette vil være med på å gjere både berekning av no-bestanden og framskriven utvikling sikrere, spesielt fordi framskrivinga av individuell vekst og rekruttering blir betre enn i dag. Vi snakkar om eit omfattande og langsiktig arbeid der økosystemforståinga først vert brukt kvalitativt, for så etter kvart å bli koplå på som input i modellane. I dag brukar vi det vi veit om oseanografi og til dømes om planktonproduksjon, kvalitativt i vurderinga fiskevandring, vekst og rekrutteringsmuligheiter.

► **Publisering**

Programmet har hatt stor publiseringsaktivitet innan områda klima, klimapåverknad av biologi og bestand, planktonøkologi, botndyr og botnhabitat.

► **Internasjonal kontaktflate**

Programmet har ei omfattande internasjonal kontaktflate, deltek i fleire større EU-prosjekt og bidrar vesentleg i internasjonale fora.

I tillegg deltek vi under dei internasjonale forhandlingane med Færøyane, EU, Island og Russland om fordeling av kvotene for dei store fiskebestandane i Norskehavet og Nordsjøen.

Rådgivingsprogram økosystem kystsona

FORSKINGSDIREKTØR: ERLEND MOKSNESS

MÅL

Rådgivingsprogrammet skal bidra til ein økosystembasert tilstandsvurdering av kystsona ved å gjere kontinuerleg forvaltingsretta overvaking, forskning og rådgiving på levande marine kystressursar, deira leveområde og miljø.

Kystsona dekkjer eit areal på 90 000 km², noko som tilsvarar 1/3 av Fastlands-Noreg. Dei store oseaniske fiskebestandane i Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet har sine gytefelt og oppvekstområde på kysten og i fjordane. Gytevandringa fører til ein betydeleg energitransport frå det opne havet til kystøkosystema. Det føregår ein omfattande havbruksaktivitet i kystsona, og

oppdrettsnæringa er ein av dei mange brukargruppene i dette området. Samstundes er kystsona biologisk mangfaldig ved at den bidrar med stor produksjon på ulike trofiske nivå.

Den auka interessa og presset på kystsona har gjort at føre-var-tenking har fått aukande plass i forvaltninga. For å lukkast med ei bærekraftig forvaltning av kystsona, vil følgjande utfordringar vere spesielt viktige og gi rammene for programmet si verksemd dei neste ti åra:

- klimaendringar
- oljeutvinning og oljetransport
- endringar i trofiske strukturar
- naturleg dynamikk i kystsona
- dynamikken i abiotiske parametarar (eutrofiering, kjemisk belastning, oksygensvikt)
- biologisk mangfald og trua artar
- havbruk og havbeite
- øydelegging og restaurering av habitat
- introduserte artar
- EUs rammedirektiv for vatn
- Marine verneområde som forvaltingsreiskap

FAGLEG AKTIVITET

Rådgivningsprogrammet har i 2004 gitt råd til Fiskeri- og kystdepartementet på følgende hovedområder:

► **Kyst- og fjordmiljø**

Havforskningsinstituttet har ansvar for å overvake miljøtilstanden langs Norskekysten. Dette omfattar overvaking av temperatur, saltinnhald, oksygenforhold, organisk belastning og næringssalt i fjordar. Dette skal bidra til å dekkje dei overordna formåla som følgjer av EUs rammedirektiv for vatn.

► **Biologisk produksjon (plante- og dyreplankton)**

Arbeidet omfattar kartlegging og overvaking av taresamfunn, vurdering av økologiske effektar av vegetasjonsendringar og ressursuttak samt gjennomføring av forvaltingsretta forskning på dette området. Tilstand og gjenoppbygging av taresamfunna etter hausting vert årleg overvaka på strekninga Rogaland – Sør-Trøndelag. Faste stasjonar som inkluderer haustefelt i alle fasar av perioden med gjenvækst, samt referansestasjonar, vert undersøkt ved hjelp av videoregistrering. Langs kysten av Sør-Trøndelag, der tareskogen er trua av nedbeiting av kråkeballar, undersøker vi årleg tilstanden i taresamfunna på fleire stasjonar som dekker heile den ytre kystlinja. I tilknytning til nedgangen i sukkertare i Skagerrak-området dei seinare åra, er det sett i gong eksperimentelle forsøk og tidsserieanalysar for å finne fram til årsaker og eventuelle økologiske konsekvensar av desse vegetasjonsendringane. Havforskningsinstituttet fører vidare overvaking og varslng om faren for skadelege algeførekomstar langs kysten.

► **Marint biologisk mangfald og tålegrenser**

Havforskningsinstituttet bidrar til oversikt over “biologiske verdier” i kystsona, som gyteområde, oppvekstområde og marine naturtypar til nytte ved inngrep og utbygging i kystsona. Arbeidet omfattar status og endring i artsmangfald og samansetting av fiskesamfunn i kyst- og fjordområda langs Norskekysten. Aktiviteten i 2005 har fokusert på ytterlegare kartlegging av dei “blå flatene” i nokre utvalde kommunar i Aust-Agder. Instituttet er også involvert i eit landsomfattande kartleggingsprogram av marine naturtypar og biologiske verdier i sjø. Havforskningsinstituttet

kartlegg og overvaker førekomstane av introduserte artar i kystsona og oppdaterte i 2005 tilgjengeleg informasjon om endringar i kongekrabben sitt utbreiingsområde, inkludert vidareføring av prosjekt som vurderer effektane av kongekrabben på økosystema i kystsona.

► **Kystbestandar**

Havforskningsinstituttet gav råd til forvaltinga om tilstanden for ei rekkje artar av skaldyr, fisk og sjøpattedyr. Det er behov for å utvikle betre reiskap for talfesting av individ i kystsona, spesielt for fisk. Vidare har Havforskningsinstituttet sett i gong undersøkingar for å vurdere bruk av verneområde som ein del av framtidige forvaltingsreiskap for artar i kystsona.

Rådgivingsprogram akvakultur

FORSKINGSDIREKTØR: OLE J. TORRISSEN

MÅL

Havforskningsinstituttet skal være forvaltinga sin sentrale rådgivar innan akvakultur og være i stand til å gi gode og heilskaplege råd om akvakultur og effektar av akvakulturverksemd på dei marine økosystema. Havforskningsinstituttet skal samstundes være premissleverandør for ei berekraftig utvikling i ei veksande og lønsam norsk akvakulturnæring.

Rådgivings- og forskingsprogrammet akvakultur skal koordinere forskning og rapportere forskingsresultat som skal gi grunnlag for heilskaplege råd til forvaltinga innan kjerneområda

- miljøeffektar av akvakultur
- velferd og helse hos oppdrettsorganismar
- bioproduksjon
- vidareutvikling av marint oppdrett og havbeite

Havforskningsinstituttet har berekna at dei norske kystområda har ei berevne for produksjon av opp mot 20 millionar tonn oppdrettsfisk og skaldyr. Det er aukande interesse for oppdrett av andre artar enn laks og regnbogeaure, og vi ser ein svært rask vekst i produksjonskvantumet for torsk. Instituttet skal utvikle kunnskap som gjer at dette potensialet kan utnyttast i ein mangfaldig og stor norsk akvakulturproduksjon. Samstundes skal den vidare veksten sikrast ved at den føregår på berekraftige premissar. For alle våre oppdrettsartar manglar vi naudsynt grunnleggjande kunnskap for å kunne løyse de problema vi kjem til å stå overfor. Havforskningsinstituttet si forskning er primært retta mot forvaltinga sine behov, men næringa har tilgang til, og blir oppfordra til å bruke, kunnskap generert av Havforskningsinstituttet.

FAGLEG AKTIVITET

► **Utbygging av forskingsfasilitetar**

For å nå måla våre, må vi ha moderne og gode fasilitetar for å gjennomføre kontrollerte biologiske forsøk i både liten og industriell skala. I tillegg er det naudsynt med moderne laboratorium for kjemiske, molekylærbiologiske og fysiologiske analysar. I 2005 starta utbygginga av stasjonen i Matre. I løpet av 2006 vil Havforskningsinstituttet få ein unik stasjon kor

vi blir i stand til å gjennomføre eksperimentelle studium under kontrollerte miljøtilhøve. Det nye merdlaboratoriet er operativt, og vi har fått resultat som viser at miljøet i oppdrettsmerdar i periodar ikkje er godt nok.

► **Tematiske satsingar**

Hausten 2004 vart det vedteke at tre nye treårige interne strategiprojekt skulle starta:

- økologiske effektar av akvakultur som omfattar prosjekt på spreieing av lakselus og andre patogen, rømt fisk – økologiske og genetiske interaksjonar, kontroll av kjønnsmodning og steril fisk, lokalisering av oppdrettsanlegg og økologiske effektar av havbeite
- velferd hos marine organismar som omfattar prosjekt på velferdsindikatorar og forsøksmetodikk, åtferd, fysiologiske stressresponnar, morfologisk utvikling og produksjonsskadar, velferd samt produksjonsmiljø og strategiar
- fiskegenombiologi som omfattar prosjekt på kvalitativ genetikkk/populasjonsgenetikk, funksjonell genomforskning, genetiske interaksjonar, økologiske adaptasjonar, genbankar og biologiske mekanismar som har innverknad på akvakultur, havbeite og fiske

► **Rådgivingsoppgåver**

Programmet har i 2005 utført rådgivingsoppgåver for Fiskeri- og kystdepartementet, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og andre offentlege instansar innanfor områda:

sjukdom og spreieing av sjukdom, driftsforhold og -avgrensingar, havbeite av skjel og hummar, nye marine fôrressursar, lokalisering av oppdrettsanlegg, marine oppdrettsorganismar, marin genomforskning og genmodifiserte organismar, rømt laks og lus samt dyrevelferd.

Forskningsgrupper

FISKEBESTANDAR OG ØKOSYSTEM - BARENTSHAVET

FORSKINGSGRUPPELEIAR: HARALD GJØSÆTER

Gruppa si oppgåve er å gi råd om forvaltning av dei fornybare ressursane i Barentshavet, og å skaffe fram og formidle kunnskap som stør opp under slik rådgiving. Gruppa skal gjere overslag over storleiken på dei viktigaste fiskebestandane som lever i Barentshavet, utvikle kunnskap om korleis desse bestandane inngår i ein større økologisk samanheng og utvikle forvaltingsstrategiar og reglar. Forskningsgruppa skal bidra til å auke instituttet sin kompetanse innan økosystembasert forskning og rådgiving, og vidareutvikle indikatorar og referanseverdiar for å overvake tilstanden i økosystemet.

- **Høgdepunkt i 2005:** Gjennom eit samarbeidsprosjekt med PINRO i Murmansk er det avdekket at blåkveita ved Svalbard og i Barentshavet er ein eigen bestand, genetisk skilt frå blåkveita lenger sør og vest. Vi har òg kome fram til at den metoden vi til no har brukt for å lese alder ikkje er korrekt, og at blåkveita veks seinare og blir eldre enn vi før har rekna med. Desse funna vil bidra til ei sikrere bestandsvurdering og vere grunnlag for betre forvaltningstiltak i framtida.

FISKEBESTANDAR OG ØKOSYSTEM - NORSKEHAVET OG NORDSJØEN

FORSKINGSGRUPPELEIAR: REIDAR TORESEN

Gruppa skal drive økosystembasert ressursforskning og overvaking i Norskehavet og Nordsjøen. Gruppa skal halde ved like og forbetre den tradisjonelle bestandsvurderinga og forskning på fiskebestandar i Norskehavet og Nordsjøen. I tillegg



Lysprikkfisk (*Myctophidae*)

skal gruppa drive økosystemforskning i desse havområda. Målet med forskinga er å betre grunnlaget for ei berekraftig forvaltning av dei levande ressursane samt å gi råd om tilstanden til økosystema.

ØKOSYSTEM I KYSTSONA

FORSKINGSGRUPPELEIAR: EINAR DAHL

Gruppa si oppgåve er å drive økosystembasert forskning og overvaking knytt til forvaltning av ressursar, miljø og havbruk i kystsona. Gruppa skal betre kunnskapen om økosystem i kystsona, med vekt på deira struktur, verkemåte, variabilitet og tålegrenser. Vi skal vere kunnskapsleverandør for ei heilskapleg forvaltning og langsiktig verdiskaping gjennom ansvarleg bruk av kystens marine miljø og levande ressursar.

- **Høgdepunkt i 2005:** Dei siste åra har vi studert dyregruppa hyperbentos i fleire fjordbasseng med ulike oksygenforhold i djupet på Sørlandet. Hyperbentos er namnet på organismar, i stor grad ulike krepsdyr, som lever på eller nær botnen, ikkje nede i sedimenta. Resultata viser at desse dyra reagerer raskt på endringar i oksygenforholda i djupet og førekomstar av hyperbentos kan dermed bli eit nyttig økologisk kvalitetsmål ved forvaltning av Vassdirektivet og Marint biologisk mangfald.

OSEANOGRAFI OG KLIMA

FORSKINGSGRUPPELEIAR: HARALD LOENG

Gruppa har som oppgåve å drive forskning på og overvaking av fysiske og klimatiske prosessar som påverkar dynamikken i dei marine økosystema. Gruppa skal kartleggje og varsle oseanografisk variabilitet og endringar i havklimaet. Målet er å kunne forstå og kvantifisere kva tyding variasjon og endringar i havklimaet har for produksjon, utbreiing og åtferd hos marine organismar.

- **Høgdepunkt i 2005:** Gjennom utvikling og bruk av store numeriske modellar som bereknar transport av atlantiske vassmasser og primærproduksjon i Barentshavet, har vi vist at vi kan varsle 70 % av variabiliteten i rekruttering av nordaustarktisk torsk tre år fram i tid. I modellane er det brukt data frå dei siste 25 år.

PLANKTON

FORSKINGSGRUPPELEIAR: WEBJØRN MELLE

Grappa si oppgåve er å drive overvaking av og forskning på plante- og dyreplankton, fiskeegg og -larvar i dei store marine økosystema våre. Grappa har som mål å bidra til auka forståing for prosessar i planktonet, slik som primær- og sekundærproduksjon og næringsflyt. Gjennom forskning og overvaking formidlar grappa data og tolking av planktonets tilstand i marine økosystem.

SKALLDYR

FORSKINGSGRUPPELEDER: JAN H. SUNDET

Grappa si oppgåve er å drive forskning og overvaking av biologiske ressursar knytt til havbotnen og havbeite av skaldyr. Grappa forskar på bentiske økosystem knytt til utnytting av skaldyrressursar, inkludert berekraftig fiskeri og havbruk, og økosystemeffektar. Arbeidet er konsentrert om kongekrabbe, reke, kamskjel, haneskjel, blåskjel, østers, hummar, sjøkreps og taskekrabbe.

- **Høgdepunkt i 2005:** For første gong etter at vi starta å undersøkje kongekrabbebestanden i 1994, vart det i 2005 registrert ein nedgang i mengde krabbe tilgjengeleg for fangst i norsk sone. Nedgangen i berekningane var på bortimot 500 000 individ, frå om lag 1,3 millionar i 2004 til om lag 0,8 millionar i 2005.

Vi har utvikla modellar som blir brukte i rådgiving for utforming av anlegg for produksjon av blåskjel som er best muleg tilpassa miljøforholda. Dette er gjort med bakgrunn i studium av fødetilgang, straumhastighet og produksjon i blåskjelanlegg og skal vidareførast i arbeidet med å utvikle modellverktøy for berekning av bæreevne i skjeldyrking.

BOTNHABITAT

FORSKINGSGRUPPELEIAR: JAN HELGE FOSSÅ

Grappa har som oppgåve å kartleggje og overvake tilstanden hos bentiske naturtypar. Forsking på kva botnhabitata har å seie for økologiske prosessar og biologisk mangfald er viktig for ei økosystembasert forvaltning der det vert lagt vekt på sårbare habitat og nøkkelartar som til dømes korallrev. Grappa arbeider også med å få på plass eit godt kartgrunnlag med karakteristikk av habitat og naturressursar for forvaltninga av fiskeri, oljeverksemd og skipstrafikk.

- **Høgdepunkt i 2005:** Vi har funne og kartlagt korallrev i Barentshavet rett sør for Tromsøflaket. Det vart også kartlagt og inspisert store mengder korallrev i LoppHAVet, i tillegg til dei som allereie var kjende. Kartleggingsprogrammet MAREANO starta, og den første kartlegginga av Tromsøflaket vart gjennomført. Økosystemtoktet i Barentshavet inkluderte botndyr, og informasjon om botndyr og habitat vart samla inn.

MARIN MILJØKVALITET

FORSKINGSGRUPPELEIAR: JARLE KLUNGSØYR

Grappa har som oppgåve å overvake kjemisk forureining i norske havområde for å dokumentere korleis dette påverkar livsvilkåra for og kvaliteten på våre levende marine ressursar. Grappa driv forskning på organiske miljøgifter, utslipp frå petroleumsindustri og radioaktiv forureining for mellom anna å avklare kort- og langtidverknader på marine organismar.

FISKERI OG BESTAND

FORSKINGSGRUPPELEIAR: KJELL H. NEDREAAAS

Grappa har som mål er å få redusert usikkerheit i fiskeridata gjennom forskning og utvikling. Datagrunnlaget skal bli betre gjennom utvikling og implementering av system for datainnsamling frå fiskeria, og kvalitetssikring av desse. Dette skal brukast i bestandsutrekningar, haustingsstrategiar og bestandseffektar, populasjonseffektar av tekniske reguleringar, relasjonar mellom flåtestruktur og haustingsmønster, samt populasjonseffektar av fiskepress.

- **Høgdepunkt i 2005:** Ei stor og viktig oppgåve for forskingsgruppa i 2005 var å skaffe påliteleg statistikk over urapporterte landingar av torsk frå Barentshavet, og å få den godkjent av Det internasjonale råd for havforskning (ICES) og brukt i bestandsutrekningane. Datainnsamling og rapportering vart gjort av Kystvakta og Fiskeridirektoratet. Forskingsgruppa sine statistiske analyser og tilrettelegging for bruk i bestandsutrekningane bidrog til at ICES godkjende utrekningane og kunne ta omsyn til dette alvorlege problemet i sin rådgiving.

Hausten 2005 vart Kystreferanseflåten etablert – eit nettverk av 18 kystfartøy langs heile kysten frå Varangerfjorden til Oslofjorden vil etter kvart gi eit viktig bidrag til forskning på kysttorsk, andre kystressursar (eks. LUR), og bifangst av sjøpattedyr og -fugl.

OBSERVASJONSMETODIKK

FORSKINGSGRUPPELEIAR: OLAV RUNE GODØ

Grappas oppgåve er å utvikle metodar og modellar for innsamling av marine data. Grappa arbeider med å utvikle framtidens observasjonsmetodikk for tettleik og åtferd hos marine organismar for at vi betre kan overvake, tilstandsbeskrive og modellere dei marine økosystema. Arbeidet omfattar først og fremst akustiske metodar, protokollar og teknologi, men inkluderer også optiske metodar og metodikk for innsamling av relevante biologiske data.

SJØPATTEDYR

FORSKINGSGRUPPELEIAR: TORE HAUG

Grappa sitt fagområde er forskning, overvaking og rådgiving knytt til bestandar som vi haustar av sel (grønlandssel, klappmyss, havert, steinkobbe) og kval (vågekval), men også andre sjøpattedyrbestandar som vi reknar med er viktige økologisk i våre farvatn. Rådgivinga baserer seg på mengdemåling, undersøkingar av bestandsstruktur, samt overvaking og kvantifisering av diett, konsum og kondisjonsforhold for både sel og kval. Grappa sine viktigaste forskningstema er dyra si åtferd og bestandane sin talrikdom, populasjonsbiologi, romlege fordeling og næringsøkologi.

- **Høgdepunkt i 2005:** Bestandsestimering av klappmyss vart gjennomført ved teljing av ungeproduksjonen. Gjennom matematisk modellering, der både fangst- og reproduksjonsdata inngår, reknar ein deretter ut totalbestanden og fangstpotensialet den har. Det vart gjennomført vellukka teljing i Vesterisen med to fly, eit helikopter og eit isgåande fartøy i mars–april 2005. Talet på ungar vert estimert både ved visuelle teljingar (frå helikopter) og fotobaserte transekt-teljingar (med fly). Førrebels er ungeproduksjonen estimert til om lag 15 000. Dette er lågare enn det som vart observert ved tilsvarande teljingar i 1997 (24 000), og vi utgreiar kva årsaka kan være.

ANSVARLEG FANGST

FORSKINGSGRUPPELEIAR: ARILL ENGÅS

Med basis i kunnskap om fiskens åtferd har grappa som oppgåve å arbeide med utvikling og tilpassing av miljø- og ressursvenlege fangstmetodar, og å utvikle betre metodikk for prøvetaking av marine organismar ved

ressursundersøkingar. Grappa arbeider mellom anna med utvikling av reiskap som reduserer uønska bifangst og kvantifisering av dauding hos fisk som slepp unna i fangstprosessen.

- **Høgdepunkt i 2005:** Vi har utvikla og testa eit ristsystem i flytetrålfisket etter sild som reduserer bifangsten av sei og torsk. Industritrålflåten, som har kvote på norsk vårgytande sild, har teke rista i bruk. Vidare er det utvikla ei ny prøvetakingstrål for botnfisk som vi ventar vil gi eit meir korrekt bilete av arts- og storleiksfordelinga av fisk enn dagens teknikkar.

POPULASJONGENETIKK

FORSKNINGSGRUPPELEDER: TERJE SVÅSAND

Grappa arbeider med genetisk karakterisering av ville bestandar og artar i oppdrett, inkludert artar som skal utviklast til oppdrettsartar (domestisering). Forvaltning av ville bestandar er avhengig av at ein kan identifisere og halde frå kvarandre dei artane som skal forvaltast, og at ein innanfor arten deler inn dyra i rette bestandar og/eller forvaltningseiningar. Grundig kjennskap til dei ville bestandane er grunnlaget både for å kunne gjennomføre domestisering av ville artar, og for at vi i framtida skal kunne gi ei vurdering av effektar av rømte oppdrettsorganismar. Kartlegging av mengde og utbreiing av rømde havbruksorganismar og kva effektar desse har på ville bestandar, inngår òg i grappa sitt arbeid.

- **Høgdepunkt i 2005:** Vi har studert genetiske endringar i ville laksebestandar. Signifikant endring i DNA-profilane er funne i laksebestandane i Opo, Vosso og Eio, medan vi ikkje fann tilsvarende endringar i bestandane i Namsen, Etneelva, Granvinselva og Håelva. Sidan Håelva på Jæren ligg i eit område utan lakseoppdrett, er det svært lite rømt laks i denne elva. Resultatet i Håelva er difor ikkje overraskande. Meir uventa er det at vi ikkje fann endringar i etnelaksen, sidan Etneelva har hatt mykje rømt laks sidan registreringane starta i 1989. Resultata vil bli følgt opp med nye undersøkingar med mål å finne tiltak som kan redusere effekten av rømt laks på dei ville laksebestandane.

MARIN GENOMFORSKING

FORSKINGSGRUPPELEIAR: FRANK NILSEN

Grappa arbeider med funksjonelle genomstudium i marine organismar der vi ser på funksjonen til mange gener samstundes. Målet er å etablere og bruke metodar for å studere genomisk struktur og funksjon i utvalde marine artar. Hovudaktiviteten i grappa er retta mot metodeetablering og ulike prosjekt på lakselus, særleg med tanke på å utvikle ei vaksine.

VEKST- OG REPRODUKSJONSFYSIOLOGI

FORSKINGSGRUPPELEIAR: GEIR LASSE TARANGER

Grappa arbeider med forskning knytt til vekstfysiologi, tidleg utvikling og kjønnsmodning hos fisk. Målet er å forstå vekst- og reproduksjonsfysiologiske prosessar og bidra med råd knytt til desse problemstillingane innan havbruk, ressursutnytting og miljøforvaltning. Vi konsentrerer oss spesielt om oppdrettsartar som laks, regnbogeaure, torsk og kveite. Studia er viktige for å forbetre produksjonsforholda i oppdrett, for å få betre vekst og velferd for oppdrettsfisken, for å unngå feilutvikling og produksjonslidningar, for å kunne styre kjønnsmodning og gyting, samt å sikre god kvalitet på egg og melke. Metodane kan også brukast inn mot problemstillingar på naturlege bestandar, for eksempel knytt til reproduksjonsforstyringar eller annan feilutvikling relatert til oljeforureining, eller endringar i reproduksjon og vekst knytt til havklimaendringar.



Round herring (*Etrumeus whiteheadi*)

FISKEVELFERD

FORSKINGSGRUPPELEIAR: JON ERIK-JUELL

Grappa fokuserer spesielt på miljørelaterte velferdsproblem for å førebygge stress, smerte og sjukdom i akvatisk produksjon av fisk og skaldyr. Ved hjelp av spesialisert åtferdsbiologisk og fysiologisk metodikk, er målet å framskaffe kunnskap om samanhengar mellom miljø og artane si evne til å meistre oppdrettssituasjonen. Grappa skal utvikle spisskompetanse på miljøkrav for god dyrevelferd i oppdrett og utvikle indikatorar som kan dokumentere velferdsstatus. Andre sentrale arbeidsområde er utvikling av strategiar og teknologi som skal sikre god dyrevelferd og effektiv produksjon.

- **Høgdepunkt i 2005:** Det er vist at torsk har svært god evne til å assosiere hendingar som er skilde i tid, og at den kan hugse innlærde samanhengar i minst tre månader. Torsken sine avanserte læringsevner viser eigenskapar som vi ikkje venta å finne hos fisk. Denne læringsevna vart utnytta i eit forsøk som viste at torsken si lukka symjblære avgrensar fridomen til å bevege seg i ein merd. Det er vidare vist at laks i aktivitet regulerer kroppstemperatur og lysnivå ved val av symjedjup i merdar. Resultata er viktige for å utvikle artsspesifikk forvaltning og drift som sikrar god dyrevelferd.

FISKEHELSE

FORSKINGSGRUPPELEIAR: ØIVIND BERGH

Grappa skal skaffe fram grunnleggjande kunnskap om sjukdom hos fisk, skjel og krepsdyr, og bruke denne i arbeidet for best muleg helse og velferd i oppdrett og havbeite. Gjennom forskning på førebyggjande helsearbeid, påvising av sjukdom og metodar for behandling, skal grappa bidra til god helse hos fisk, skjel og krepsdyr i oppdrett og havbeite. Grappa skal også studere sjukdommar i ville bestandar, og potensialet for spreiring av smitte mellom ulike ville og oppdretta bestandar. Undersøkingar av førekomsten av sjukdomsframkallande organismar i naturen og deira innverknad på ville fiske- og skaldyrbestandar er ein del av Havforskningsinstituttet si økosystemforskning.

- **Høgdepunkt i 2005:** Vi har vist at laks er mottakeleg for infeksjon med nodavirus. Nodavirus er frå før kjent som årsak til sjukdomen Viral encephalopati og Retinopati hos ei rekkje ulike fiskeslag. Dette er den viktigaste

sjukdomen hos kveite, og den kan òg skape store problem i torskeoppdrett. At denne sjukdomen kan overførast til laks er eit sterkt argument mot samlokalisering av ulike oppdrettsartar innanfor same anlegg.

FÔR, FÔRING OG KVALITET

FORSKINGSGRUPPELEIAR: HÅKON OTTERÅ

Gruppa sitt virkeområde dekker heile prosessen frå inntak av fôr, via vekst og fram til råstoff for vidare foredling. Gruppa dekker heile livssyklusen frå larvar/ungel til stamfisk. Det meste av gruppa sitt arbeid er konsentrert rundt fisk, men også andre organismar som krepsdyr og blautdyr er relevante. Sentrale problemstillingar for gruppa er å kunne forstå betre dei fysiske, biokjemiske og biologiske mekanismane som ligg bak inntak og omdanning av fôrstoff til vekst og energi.

REPRODUKSJON OG ÅTFERD

FORSKINGSGRUPPELEDER: OLAV SIGURD KJESBU

Gruppa skaffar fram ny kunnskap innan rekruttering, sanse- og åtferdsbiologi hos marine organismar. Gjennom forskning skal gruppa mellom anna avklare sentrale prinsipp for egg- og larveproduksjon på individ- og bestandsnivå, og bidra med å etablere og vidareføre aktuelle tidsseriar og berekne storleiken på gytebestandar. Gruppa skal dokumentere korleis åtferd hos viktige marine organismar varierer med opphav og ulike miljøvariablar og skaffe fram grunnleggjande informasjon for å avklare kva viktige marine organismar ser, lukter, føler og høyrer.

- ▶ **Høgdepunkt i 2005:** På eit botnfisktokt i Nordsjøen fann vi lite torskeegg, samstundes som vi fann at torsken har same gyteområde som tidligare. Dei internasjonale botnfisktokta viser derimot at torsken i Nordsjøen har flytta gytinga nordover. Dette skal undersøkjast nærare. Ei omfattande analyse i regi av EU-prosjektet RASER viser at torsk i Irskesjøen og Nordsjøen har mykje større egg- og larveproduksjon og gyter ved langt lågare alder og storleik enn torsk frå Barentshavet. Eksperimentelle studium har gitt viktige innspel til korleis lakselus som sym fritt vert trekt til lys/skugge og kjemiske signal mot oppsamlingar av laks.

Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid

LEIAR: INGVAR HUSE

MÅL

Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid (Fagsenteret) representerar Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet, og skal støtte oppbygging av kompetente og sjølvstendige akvatiske forskings- og forvaltingsinstitusjonar i utviklingsland gjennom samarbeid. Aktiviteten er heimla i ein fagsenteravtale med Norad og Utanriksdepartementet.

FAGLIG AKTIVITET

▶ Primær- og bestillingsoppgaver

- To bistandsfaglege møte i 2005 gjennom Fiskerifaglig forum for utviklingssamarbeid:

▶ Nansenprogrammet

2005 representerte slutten på 10–12 år med direkte støtte til fiskeriinstitusjonar i vest-afrikanske land. Frå 2006 skal programmet, under leing av FAO, støtte økosystembaserte initiativ utanfor både Aust- og Vest-Afrika.

- I Angola og Nordvest-Afrika vart det gjennomført fleire tokt knytt til overvaking av økonomisk viktige bestandar i disse områda, til dømes sardinella og botnfisk.
- Gjennom det regionale forskingsprogrammet BENEFIT vart det utført miljøstudiar, metodeutvikling og spesielle biologiske studiar.
- Fire tokt med til saman 38 døgn vart utført i regi av BCLME-programmet (Benguela Current Large Marine Ecosystem Programme).
- Det tilsvarande programmet for Guineagulfen (GCLME) rekvirerte “Dr. Fridtjof Nansen” for fyrste gong i 2005, og kontinentalsoklane til Nigeria, Kamerun, Sao Tome & Principe, Gabon og Kongo vart dekkja med ein innsats på 40 toktdøgn.
- Utvikling av eit nytt Nansenprogram i regi av FAO har halde fram.

Andre samarbeidsland

► Mosambik

- Fiskeriministeriet i Maputo utarbeidde i 2004 og 2005 ein ny plan for utvikling av fiskerisektoren. Den inkluderer eit breitt sektorprogram der eit årleg møte mellom ministeriet og ambassaden er øvste avgjerande organ. Prosjektet er no i gong.
- Ein seniorrådgivar frå Havforskningsinstituttet er på plass, og ein forskar frå Noregs fiskerihøgskole er delvis engasjert i prosjektet.

► Vietnam

- I april starta det nye fiskerilovprosjektet i Vietnam kalla “Bringing the Law to Life”. Prosjektet går over fem år og er ei oppfylgning av det første lovprosjektet som enda i ei ny fiskerilov for Vietnam i 2004.
- “International seminar on management of joint resources through bilateral agreements” vart gjennomført med deltaking av Fiskeridirektøren, juristar frå Fiskeridirektoratet, ein forskar frå Havforskningsinstituttet og ein lovekspert frå FAO.
- Ein teknisk rådgjevar er engasjert med fagleg ansvar for norsk støtte i det nye prosjektet.
- Forskarar og ingeniørar ved Havforskningsinstituttet har jobba med ny akustisk instrumentering på R/V “Bien Dong”, som Noreg gav til Vietnam i 1976.


► Sør-Afrika

- Det treårige samarbeidsprogrammet, “Business Plan 2” (BP2) vart avslutta 31. mars.
- Den norske innsatsen vart evaluert og Fagsenteret fekk god omtale.
- Eit nytt fem års fiskerisamarbeidsprogram (BP3) starta i 2005. Fleire norske institusjonar er involvert, og det er inngått ei samarbeidsavtale mellom Marine and Coastal Management i Cape Town og Fagsenteret knytt til programmet.
- Forskarar frå Havforskningsinstituttet bidrog til design og bygging av eit stamfiskanlegg for skjel og gyteforsøk for ein lokal kamskjelart. Forsøksfasilitetane for fisk er forbetra og føringforsøk er sett i gong.
- Ein rådgivar frå Fiskeridirektoratet deltok i utarbeiding av sektorpolitiske planer.
- To studentar tok hovudfagseksamen i juni 2005.

► Kina

- “Bei Dou Fisheries Research and Management Project” vart avslutta i 2005.
- Det var fleire arbeidsmøte med forskarar frå Havforskningsinstituttet: “Scientific cooperation - Aquaculture” med Yellow Sea Fisheries Research Institute, “Assessment of anchovy stock (TAC)”.
- Avslutnings- og oppsummeringsseminar i Qingdao i november.

- Bilateralt seminar om fiskeristatistikk og fiskeriforvaltning.
- ▶ **Cuba**
- Det tre-årige akvakulturprosjektet vart avslutta ved utgongen av 2005. Det er etablert eit godt samarbeid mellom Centro de Investigaciones Pesqueras i Havana og Havforskningsinstituttet.
 - Fleire kubanarar har fått opplæring i Noreg, især innanfor oppdrett av dei tidlege livsstadia av marin fisk.
 - To kubanske studentar er i sluttfasa av sine hovudfagsoppgåver i Tromsø og Bergen.
- ▶ **Venezuela**
- I 2005 gjorde Fagsenteret eit mindre feltarbeid i Venezuela som bestod i ei foranalyse til et fiskeristøtteprosjekt i aust der Statoil skal delta i ilandføring av gass. Det vart identifisert ein del infrastrukturiltak som Statoil Venezuela nå vurderer å gjennomføre.
- ▶ **Pakistan**
- Etter oppmoding frå Pakistan undersøkte ei arbeidsgruppe hausten 2005 mulige område for utviklingssamarbeid ut frå Pakistans behov og tilgjengeleg norsk kompetanse. Grappa tilrådde mellom anna norsk fagleg støtte til ein planlagt pakistansfinansiert kartlegging av marine fiskeressursar og tilbod om opplæring i handtering og kvalitetssikring av fisk på mindre fiskefartøy.
- ▶ **Nicaragua**
- Fagsenteret deltok i ei arbeidsgruppe med mandat til å førebu eit prosjektdokument saman med nicaraguanske fiskeristyresmakter.
 - Etter framlegg frå grappa søkte Nicaragua om finansiell støtte frå Noreg til utvikling av fiskerisektoren med eit budsjett på om lag 10 mill. kroner over tre år. Ambassaden godkjende prosjektet, og det startar i 2006.
- ▶ **Indonesia**
- Havforskningsinstituttet gjorde miljø-, fiskeri- og habitatundersøkingar i havområda med indonesiske forskingsfartøy langs den nordlege kysten av Sumatra i samarbeid med indonesiske fiskeristyresmakter, finansiert av den norske ambassade i Jakarta og Verdsbanken som ein del av oppfylgjinga etter tsunamien.
 - Det mest openberre resultatet var avsetning av sand og grus på alle undersøkte lokalitetar.
- ▶ **Thailand**
- Fagsenteret har vore engasjert i Thailand etter at fiskeristyresmaktene bad om hjelp til å byggje opp att og styrke fiskeri- og akvakultursektoren i dei tsunami-ramma områda på vestkysten.
 - Det vart etablert eit norsk-finansiert fiskeriprojekt som går fram til sommaren 2006. Prosjektet har som mål å byggje kompetanse og kapasitet i Thailand til å gjennomføre akustiske undersøkingar av fiskeressursar. Det er montert vitkapeleg akustisk utstyr på forskingsfartøyet "Pramong 4", og opplæring av personell skjer i 2006.
 - I eit anna delprosjekt er målet å bidra til utvikling av ein plan for å vidareutvikle akvakulturnæringa etter tsunamien. Prosjektet starta i oktober 2005 og held fram i 2006 med installering av eit norsk pilot-merdanlegg ved Phuket.
- ▶ **Angola**
- Fiskeriministeriet i Angola har bede om eit bilateralt samarbeid med Noreg på fiskerisektoren. Fagsenteret samarbeidde med angolanske fiskeristyresmakter om eit prosjektdokument, og det første årlege møte med Norad vart gjennomført i november 2005. Prosjektaktivitetane kjem først skikkeleg i gong i 2006.



Infrastruktur



Kveite *Hippoglossus hippoglossus*

Forskningsstasjonane i Austevoll, Matre og Flødevigen, laboratorium og forskingsfartøy utgjer instituttet sin infrastruktur saman med dei administrative avdelingane. Dette er sentrale støttefunksjonar for den faglege verksemda ved instituttet. Saman med den forskingsfaglege kompetansen er det grunnlaget for instituttet si rolle som nasjonalt leiande institutt og som ein attraktiv, internasjonal samarbeidspartnar.

Forskingsteknisk avdeling

KONSTITUERT LEIAR: AVDELINGSДИРЕКТØR PER WILHELM NIEUWEJAAR

Havforskningsinstituttet har ein eigen Forskingsteknisk avdeling med ansvar for laboratorium og forskingsstasjonar. Avdelingsdirektør Trond Westgård gjekk av 31. august 2005 og reiarlagsjef Per W. Nieuwejaar vart konstituert som ny leiar frå 1. september 2005 og inntil vidare. I 2005 hadde avdelinga av seks grupper.

BIOLOGISK LABORATORIUM

FORSKINGSTEKNISK GRUPPELEIAR: MERETE FONN

Gruppa arbeider innan følgjande fagområde:

- ▶ **Dyreplankton:** Analyse av dyreplankton innan taksonomi, modningsgrad og diett. Berekning av biomasse. Identifisering av fiskeegg og -larver, samt analyse av mageinnhald hos einkilde fiskar og fiskelarver. Bidreg til kvalitetssikring av metodar for innsamling av materiale og til registrering og vedlikehald av data frå felt og tokt.
 - ▶ **Rekrutteringsbiologi:** Bestemme fekunditet ved hjelp av biletanalyse, histologi og stereologi. Deltar på internasjonale prosjektmøte og med rapportering av analysar. Innsamling av fiskeprøver i felt og på tokt, røkting av fisk, innsamling og målingar av fiskeegg.
 - ▶ **Fiskehelse:** Rådgiving og utforming av forsøksdesign, skreddarsyr tekniske løysingar og adekvat biologisk materiale. Røkting og behandling av fisk. Uttak og behandling av prøvemateriale. Erfaring og kunnskap om dei forskjellige forsøksartane i alle livsstadium, og artene si åtferd.
 - ▶ **Botnhabitat:** Taksonomisk analyse av innsamla bentosorganismar. Innsamling av bentosprøvar i felt og på tokt.
- Nytt kloranlegg for reinsing av avfallsvatn på smittelaboratoriet
 - Nytt makroskop for fotografering på planktonlaboratoriet
 - Ny zooscannar for automatisk identifisering av zooplankton
 - Bygd opp nytt laboratorium for opparbeiding av bentosprøvar
 - Samarbeid med russarane på diettanalyse av lodde, nullgruppe torsk og hyse

MOLEKYLÆRBIOLOGISK LABORATORIUM

FORSKINGSTEKNISK GRUPPELEIAR: ELIN DANIELSEN

Grappa har ti teknikarar og på laboratoriet er det stor aktivitet frå studentar, stipendiatar, postdoktorar og forskarar, spesielt frå fire forskingsgrupper. Grappa jobbar med prosjekt på virus- og bakteriesjukdomar, lakselus og populasjonsgenetikk. Laboratoriet har eit stort utval metodar innan fiske- og skjelhelse, histologi, mikrobiologi, molekylærbiologi, genetikk og immunologi. Prøvematerialet blir henta frå vassprøvar, fiskelus, skjel, skaldyr og fisk på ulike livsstadium.

KJEMILABORATORIUM

FORSKINGSTEKNISK GRUPPELEIAR: INGRID SVÆREN

Laboratoriet gjer kjemiske analyser innanfor hovudområda biokjemiske, organiske og uorganiske analyser samt radioaktivitet. Arbeidet er konsentrert om å analysere miljøprøver for næringssalt og algebiomasse, radionuklidar, algetoksinar og organiske miljøgifter samt måling av effektar av miljøgifter ved hjelp av biokjemiske analyser. Laboratoriet er akkreditert og gjennomfører kontinuerleg utvikling på kompetanse og metodikk.

- Ei rekkje overflate- og kjerneprøver av sediment frå Barentshavet/Norskehavet i 2004 er analysert for PAH-komponentar og fisk er analysert for persistente organiske miljøgifter. Det er gjort omfattande prøvetaking av fisk frå Nordsjøen, Haltenbanken og Barentshavet for det nasjonale overvåkingsprogrammet for forureining i norske kyst- og havområde og tilstandsvurdering av fisk for Oljeindustriens Landsforening.
- Laboratoriet har delteke i eit omfattande effektstudium på alkylfenolar kor ein ser på effektar og opptak når fisken sitt fôr er tilsett utvalde alkylfenolar. Vi har òg teke prøvar av alkylfenolar i fiskevevatn.
- Det er teke eit stort tal prøvar i Barentshavet for å kartleggje radioaktiv forureining, samt frå Nordsjøen og fjordane frå Svenskegrensa til Varangerfjorden. Det er gjennomført analyser av cesium (^{137}C) og technetium (^{99}Tc) i sedimentprøver, sjøvatn og biota.
- Næringssalt- og klorofyllprøver frå dei faste snitta i Barentshavet, Norskehavet og Nordsjøen er analysert på vanleg måte, i tillegg til prøvar på fjordtokt. Nytt instrument for analyse av C/N er teke i bruk; det er etablert analyser for ammonium.

OPERASJONELLE UNDERSØKINGAR

FORSKINGSTEKNISK GRUPPELEIAR: LEIF AUSTGULEN

Arbeidsområdet for grappa er i hovudsak alderslesing og diettanalyser av fisk og sjøpattedyr, tokttdeltaking på instituttet sine fartøy og leigefartøy, etterarbeid og rapportering.

- ▶ **Alderslesing:** Endra budsjett rutine gir høve til tidlegare planlegging av instituttet sin toktaktivitet. Dette har ført til at medarbeidarane har fått høve til å planleggje og disponere året betre. Noko underdekking på personellsida gjer at ein del arkiv- og historisk materiale ikkje vert godt nok teke vare på. Bruk av Alderslaboratoriet er blitt meir vektlagt og det er investert i nytt leseutstyr.
- ▶ **Diettanalyser:** Arbeidet er utført tilfredsstillande. Organisatorisk har det vore nokre uklare ting mellom dei økosystembaserte forskingsgruppene og Operasjonelle undersøkingar, men dette fann vi løysing på.
- ▶ **Toktbemannning:** Grappa vår har ein sentral funksjon i planlegging av toktbemanninga. Dette er tidkrevjande og treng kontinuerleg oppfølging.
- ▶ **Etterarbeid og rapportering:** Eit organisatorisk ønskje om å overføre meir etterarbeid/rapportering frå forskar til tekniskar har i liten grad vore muleg å gjennomføre. Dette har samband med tilgjengelege menneskelige ressursar.

Forskingsteknisk gruppe Operasjonelle undersøkingar vart delt i to nye grupper ved utgangen av 2005, Demersale og Pelagiske undersøkingar.

NORSK MARINT DATASENTER

FORSKINGSTEKNISK GRUPPELEIAR: HELGE SAGEN

Norsk marint datasenter (NMD) er eit nasjonalt datasenter for handtering og langtidslagring av marine miljø- og fiskedata og framstilling av dataprodukt. Senteret held ved like den største samlinga av marine data i Noreg, og har som hovudoppgåve å samle, kvalitetssikre og gjere samlinga tilgjengelege for forskning.

Operasjonelle forskingsdata vert overført i nær sann tid frå forskingsfartøy, faste observasjonsstader og oseanografiske bøyer. Data vert hovudsakeleg presentert på det interne nettverket, men vert også overført direkte til samarbeidspartnarar. Utvalde operasjonelle data vert lagt på Internett.

Karttenester som vert presentert i brukarvenlege system på Internett (GIS) gir høve til utveksling av Web Maps Services-tenester mellom institusjonar. NMD har delteke i internasjonale nettverk, som EU-prosjektet SeaSearch, der datasett og toktoversiktartar vert koordinert. Arbeidet skal vidareførast i det femårige EU-prosjektet SeaDataNet, der vi skal koordinere informasjon frå Arktis. Senteret har òg vore regional koordinator for EDIOS-nettverket (oversikt over ca. 9000 repeterande målestasjonar) som blir vidareført gjennom “EuroGOOS Office”.

- NMD tilrettelegg, kvalitetssikrar og handsamar forskingsdata for langtidslagring i relasjonsdatabasar.
- NMD representerer Noreg i fleire internasjonale fora.
- NMD deltar i det nasjonale dataforvaltingsarbeidet i det internasjonale polaråret (IPY).

OBSERVASJONSTEKNOLOGI

FORSKINGSTEKNISK GRUPPELEIAR: INGVALD SVELLINGEN

Gruppa si oppgåve er å delta i prosjektarbeid, og å utforme og gjennomføre tekniske forsøksoppsett på tokt, innsamling og etterbehandling av data, og teknisk dokumentasjon av forsøka.

- I samarbeid med Scantrol har gruppa utvikla av ein automatisk fangstmålar. Ein prototyp vart installert om bord i “G.O. Sars” sommaren 2005, og ein første sjøtest vart gjennomført på hausttoktet med positivt resultat. Vi arbeider vidare med å optimalisere programvaren og samstundes gjere praktiske tilpassingar på systemet.
- Gruppa har hatt prosjektansvaret for å få etablert ein utstyrsdatabase på Havforskningsinstituttet.
- Den akustiske instrumentplattforma med kunstig symjeblære, eller dødsonemålar, vart ferdig og testa i ope farvatn sommaren 2005 og brukt i praktiske forsøk på Finnmarkskysten om hausten.
- Sanntidsvisning av ekkogram frå ‘akustisk gjerde’ i Vestfjorden har vore operativt trass i skader etter uvêr sist vinter.
- Ei ny nedsenkbar plattform (TS-sonde) for måling av fisken si refleksjonsevne i ulike djup er ferdig. Svingarane er monterte på ei motorisert plattform og kan styrast frå ein PC om bord i fartøyet. Det er mange fordelar med eit slikt system, mellom anna kan vi gjere full kalibrering i det djupet der vi føreteik målingane på fisk.
- Ei observasjonseining for registrering av fiskeåttferd rundt trål (“target tracker”) er ferdig. Dette er ei kompakt sjølvstendig eining kor data frå ekkolodd blir lagra på ein PC i undervasseininga.
- Det er gjort til dels omfattande modifikasjonar og forbetringar på forskjellige akustiske plattformer for å gjere disse meir driftssikre, og for å unngå at vatn trengjer inn.

FORSKNINGSTEKNISK GRUPPE TROMSØ

FORSKINGSTEKNISK GRUPPELEIAR: IVAN AHLQUIST

Gruppa har fått eigen leiar og har vakse frå fire til sju fast tilsette i løpet av året. Oppgåva er å støtte opp under den aktiviteten instituttet i dag har i Tromsø på skaldyr, sjøpattedyr og fisk. Innanfor skaldyr er det særleg reker, kongekrabbe, taskekrabbe og haneskjel det blir arbeidd med. På sjøpattedyr omfattar aktiviteten kval, ishavssel og kystsel. Når det gjelder fisk dreier det seg i hovudsak om torsk/kysttorsk, blåkkeite, flatfisk og rognkjeks. Ein stor del av verksemda

til den einskilde i forskningsteknisk gruppe består av tokt og feltaktivitet.

- Etterbehandling av innsamla materiale.
- Biletanalyse i vår nye foto-/videolaboratorium; vert brukt både ved aldersfastsetting av fisk og sjøpattedyr, og ved bestandsberekningar av selbestandar basert på flyfoto.
- Innsamling av materiale for DNA-register for vågekval.
- Diettanalyse sjøpattedyr.
- Fekunditetsanalyse skaldyr.
- Handsaming av fangstdata frå fiskeflåten.

Vi har også prioritert haldningsskapande arbeid og har lagt ned innsats i teambygging seminar.

FORSKINGSSTASJONANE

Havforskningsinstituttet sine forskingsstasjonar i Austevoll, Matre og Flødevigen set forskarane i stand til å gjere eksperimentelle forsøk, havbruksforskning og generelle marinbiologiske forsøk.

► **Forskningsstasjonen Flødevigen**

STASJONSLEIAR: PETTER BAARDSEN

Stasjonen i Flødevigen har fasilitetar, utstyr og kompetanse til å utføre eit bredt spekter av aktivitetar både i felt, laboratorium og i store utebasseng. Prosjekta som har brukt Flødevigen i 2005, har hovudsakeleg vorte knytte til forvaltingsretta rådgiving og grunnleggjande forskning innan kystzoneøkologi og kartlegging av biologiske verdiar i kystsona, miljøforhold langs kysten og i Nordsjøen/Skagerrak, plante- og dyreplankton i Nordsjøen/Skagerrak, djuphavsressursar og -økologi samt reke, brisling, sild og industrifisk i Nordsjøen/Skagerrak. Viktige mål i 2005 var å revitalisere planane for utbygging og oppgradering av fasilitetane, levere laboratorie- og felttenester i tråd med forskingsgruppene sine behov og overordna prioriteringar, arbeide for at kompetanse og kompetanseutvikling følgjer etterspørsel av tenester, sørge for høg kvalitet på lokale administrative tenester og fremje sikkert og godt arbeidsmiljø på tvers av gruppene ved forskingsstasjonen.

- Aktiviteten innan laboratorie- og felttenester har vore stor. Etterspørselen etter genetiske analysar er stadig aukande, og både kapasiteten og kompetansen på dette området er heva i løpet av det siste året.
- Organisatoriske endringar har også dette året kravd ekstra innsats. Lokale rutinar og ansvar for fellesoppgåver er vidareutvikla og tilpassa den nye organisasjonen. Nye fora som skal sikre informasjon og trivsel på tvers av gruppene fungerer no godt.
- Instrument og utstyr til laboratorie- og feltaktivitetar er oppgradert. Stasjonen har vore møtestad for ei rekkje nasjonale og internasjonale arrangement.

► **Forskningsstasjonen Austevoll**

STASJONSLEIAR: TORFINN GRAV

Fasilitetane i Austevoll og Parisvatnet er ei sentral forskingsplattform i arbeidet med marine artar, med fokus på marin yngelproduksjon. Fasilitetane inkluderer fleire spesiallaboratorium for ulike kjemiske og molekylærbiologiske analyser, samt åtferdsstudium, og har eit breitt spekter av forsøksfasilitetar både på land og i sjø for eksperiment med marine artar i alle stadium.

I 2005 har arbeidet med tilpassing til ny organisasjonsstruktur hatt sterk fokus. Måla for produksjon av torsk og kveite var å få fram nødvendig forskingsmateriale med inntil 30 000 genetisk merka torskeyngel, inntil 10 000 kveiteyngel og å få produsert om lag 300 000 torskeyngel i Parisvatnet.

- Forsøksaktiviteten på torsk har vore stor i det nye sjøanlegget som vart teke i bruk ved førre årsskifte og offisielt opna i mars.
- Oppgraderingstiltak på levandefôrlaboratoria er sett i verk. Klekke- og anrikingstankar er skifta ut med betra oppvarming og temperaturstyring. Alle tankar er utstyrte med lokk tilkopla separat avsug for å minimere sprut og avdamping til luft. I tillegg er det gjort investeringar i automatisering av fôring og anriking både for hoppekreps (artemia) og hjuldyr (rotatoriar). Arbeidet er gjort både som HMS-tiltak og som ein del av kvalitetssikringa av levandefôrproduksjonen. I samarbeid med Yrkesmedisinsk avdeling på Haukeland Universitetssjukehus har vi sett på omfanget av allergireaksjonar og mulig sensibilisering frå kontakt med artemia. Laboratorieanalysane for å kartlegge allergener føregår framleis.
- Besøk og representasjon er ei stor aktivitet på stasjonen. Det mest minneverdige besøket i 2005 var ein delegasjon med EU-kommisjonær Joe Borg og fiskeri- og kyststatsråden Svein Ludvigsen.
- I Austevoll var det intensivproduksjon av torskøyngel til forsøk. Totalresultat av yngel frå vår- og haustproduksjonen vart om lag 40 000 yngel. Av dette vart om lag 10 000 yngel sorterte ut og destruert.
- Det er også lagt opp til ein intensivproduksjon av kveiteyngel. Totalt vart det produsert 9 500 kveiteyngel, og etter utsortering enda vi opp med rundt 5 000 yngel av god kvalitet og utvikling.

► **Parisvatnet**

STASJONSLEIAR: JAN PEDERSEN

På feltstasjonen Parisvatnet i Øygarden vart resultatet ein produksjon på over 700 000 torskøyngel, storparten (620 000) vart seld til kommersielle torskeoppdrettarar. Dette er det beste resultatet sidan starten i 1986 og skuldast tidleg startfôring og omlegging av vassforsyninga.

Det vart køyrt to forskingsprosjekt i Parisvatnet i 2005. Det eine var domestisering av villfanga torsk, og det andre utsette torsk for oljeforureina vatn frå Nordsjøen og for å sjå kva verknad det har for reproduksjonen og avkommet. Det vart også investert i nytt sentralfôringsanlegg i 2005.

► **Forskningsstasjonen Matre**

STASJONSLEIAR: ØIVIND TORSLETT

Forskningsfasilitetane i Matre er viktige for instituttet si akvakulturverksemd, spesielt på laksefisk. Prosjektaktiviteten har i hovudsak vore knytt til forskingsgruppene Marin genomforskning, Vekst- og reproduksjonsfysiologi, Fiskevelferd og oppdrettsmiljø og Fôr, fôring og kvalitet hos fisk.

Den viktigaste oppgåva på driftssida i 2005 har vore ferdigstilling og tilrettelegging for byggeprosjektet i Matre. Det har også vore eit mål å halde oppe produksjonen av forsøksfisk (laks og regnbogeare), styrke arbeidsmiljøet og den faglege koordineringa på stasjonen og mot resten av instituttet, og å gi best mulig service til forskingsgruppene som brukar stasjonen.

- 220 tonn matfisk er produsert og levert til slakting.
- Konesjonen til stasjonen er gjennomgått og utvida til også å gjelde marin fisk.
- Sjøanlegga vart godkjente i tråd med forskrifta.
- Alle innmelde forsøk vart gjennomførde som planlagt.

Havforskningsinstituttets avdeling i Tromsø

FORSKINGSSJEF: OLE JØRGEN LØNNE

I 2003 etablerte instituttet ein eigen avdeling i Tromsø og då vart den nasjonale marine forvaltingsrelaterede ressursforskninga samla på eitt institutt. Det er eit mål at avdelinga skal vere ein integrert del av instituttet. Viktige verkemiddel for å nå det målet er kommunikasjon og informasjon.

Avdelinga i Tromsø skal utviklast slik at instituttet får optimalt utbytte av samarbeidet med forskingsinstitutta i regionen. Satsinga på dette området inneber at avdelinga ønskjer å tilsette forskarar og teknikarar som best muleg passer inn i og kan dra nytte av de tunge fagmiljøa som er i Tromsø og som er interessante for instituttet. 30 personar arbeider no ved avdelinga i Tromsø.

I 2005 vart det nasjonale kartleggingsprogrammet MAREANO (marin arealdatabase for norske havområde) etablert. Programmet skal gjennomførast i eit samarbeid mellom Norges geologiske undersøkelser, Statens kartverk, sjø og Havforskningsinstituttet. Første fase er kartlegging av havbotnen i det sørliege Barentshavet. Forskningsmiljøa i Tromsø har gode

biologiske og geologiske fagmiljø knytt til arbeid med havbotnen. Gjennom MAREANO-programmet ønskjer vi å få eit nært samarbeid med disse miljøa.

Instituttet si sjøpattedyrgruppe vert leia frå Tromsø. Grappa deltar, saman med tunge arktisk-økologiske forskingsmiljø i Tromsø, i konkurransen om å eit senter for framifrå forskning ARCTOS (Arctic marine ecosystem network).

Instituttet arbeider aktivt for å styrke Tromsø som sentrum for utvikling av torsk som oppdrettsart. Ved årsskiftet vart det vedteke å tilsette ein genetikar ved avdelinga som skal gå aktivt inn i dette arbeidet saman med Noregs fiskerihøgskole og Fiskeriforskning.

Havforskningsinstituttet har innleia eit tettare samarbeid med Universitetet i Tromsø om bruk av forskingsutstyr om bord på forskingsfartøya. Institusjonane har gått saman om å tilsette ein teknikar til vedlikehald og rigging av slikt utstyr. På sikt er målet å få eit felles kailager og verkstad.

Reiarlag og fartøy

REIARLAGSJEF: PER W. NIEUWEJAAR

Forskningsaktiviteten i 2005 var i all hovudsak i samsvar med planlagt toktprogram. Fartøya vart maksimalt utnytta som tidlegare år, noko som førte til at dei berre låg ved kai ved tokt- og mannskapsskifte og ved planlagde verkstadsopphald.

